

Allmennkringkastingsrapporten 2018

Medietilsynets vurdering av korleis NRK oppfyller allmennkringkastingsoppdraget sitt



Forord



Mari Velsand,
direktør i Medietilsynet

Foto: Medietilsynet

Allmennringkasting er en sentral del av det norske mediemangfoldet og skal fylle viktige sosiale, kulturelle og demokratiske funksjoner i samfunnet.

I 2018 var NRK den eneste norske allmennringkasteren, og årets rapport handler om hvordan NRK oppfyller kravene som er stilt i NRK-plakaten og vedtektene. Allerede fra 2019 har TV 2 igjen status som kommersiell kringkaster. Staten og TV 2 har inngått en ny avtale, og neste år vurderer Medietilsynet også hvordan TV 2 oppfyller allmennringkastingforpliktelsene.

11. juni behandlet Stortinget mediestøttemeldingen og sluttet seg blant annet til en del endringer som har konsekvenser for NRK. I meldingen legger regjeringen opp til større forutsigbarhet og uavhengighet når det gjelder den offentlige støtten til mediene. Det

er derfor foreslått en modell med fireårige styringssignaler for de økonomiske rammene, både for NRK og den direkte mediestøtten. I tilknytning til at de fireårige styringssignalene skal fastsettes, vil regjeringen også vurdere hvordan NRKs virksomhet påvirker kommersielle medier og det totale medietilbudet til publikum, og eventuelle behov for endringer i allmennringkastingoppdraget. Videre foreslår regjeringen en ny finansieringsordning for NRK, som innebærer overgang fra lisensordning til finansiering over statsbudsjettet. I tillegg er det foreslått at NRK skal få ansvar for å dekke «journalistiske blindsoner».

Hele mediemarkedet preges av raske og omfattende endringer både når det gjelder brukervaner, teknologi, inntektsgrunnlag og konkurransebildet. Medietilsynet mener derfor at NRKs rammevilkår

og rolle jevnlig bør vurderes og diskuteres. Dette er viktig og nødvendig både for å sikre at NRK oppfyller oppdraget sitt og når ut til den norske befolkningen med et bredt innhold, og for å unngå at NRK legger vesentlige begrensninger på kommersielle medier som opererer i samme marked.

Medietilsynet skal bidra til at beslutninger knyttet til NRKs virksomhet tas på et solid og faktabasert grunnlag. Tilsynet er blant annet i gang med å utvikle et mediemangfoldsregnskap, der målet er å få på plass et rammeverk som kan følge utviklingen i det norske mediemangfoldet over tid.

Allmennringkasting er et sentralt mediepolitisk virkemiddel for å sikre mediemangfoldet i form av et bredt og variert innholdstilbud til hele befolkningen. For at allmennringkastingen skal fylle sin funksjon i samfunnet, er det en forutsetning at folk både finner fram til – og benytter seg av tilbudet. I tillegg til å dokumentere om NRK oppfylder fastsatte krav, er målet med allmennringkastingsrapporten å synliggjøre det totale innholdstilbudet NRK som allmennringkaster bidrar med i det norske mediemarkedet.

Etter Medietilsynets vurdering oppfyller NRK i 2018 alle krav med unntak av kravene til nynorskandel

og jevnlig program på samisk til unge. De samme bruddene ble konstatert også for 2017. Vi ser imidlertid at NRK har tatt tak i disse områdene, og at det er en forbedring. Medietilsynet mener derfor det må være grunn til å forvente at NRK innværende år oppfyller kravet til samiske program rettet mot ungdom, og styrker tiltakene for å øke nynorskandelen, særlig på nett.

De to bruddene til tross, etter en gjennomgang av NRKs totale virksomhet og leveranser i 2018, vurderer Medietilsynet at NRK i det store og det hele leverer i tråd med kravene. NRK dokumenterer god evne til å forene kravene til å bidra til fordypning og innsikt med kravet til å nå ut til hele befolkningen. Ved å ta opp samfunnsaktuelle og smalere temaer på en måte som engasjerer og treffer bredt, tilfører NRK en økt samfunnsverdi i det totale innholdstilbudet som er tilgjengelig for publikum. NRK bidrar dermed også til innholds- og bruksmangfold gjennom sitt brede tilbud på alle medieplattformer.

Fredrikstad, 12. juni 2019


Mari Velsand
direktør i Medietilsynet



Foto: Medietilsynet

Allmennkringkastingsrapporten 2018

Forord	2
1. Allmennkringkastinga i Noreg	6
1.1 Oppsummering av tilsynsresultatet for 2018	7
1.2 NRK einaste allmennkringkastar	9
1.3 Nye krav til NRK	10
1.4 Konkurransemessige følger av verksemda til NRK	12
2. Vurdering av programverksemda til NRK i 2018	14
2.1 Den demokratiske rolla til NRK	16
2.2 Bidrag til det norske mediemangfaldet	19
2.3 Høg kvalitet, mangfald og nyskaping	29
2.4 Nyheits- og aktualitetsdekninga	46
2.5 Distrikt	55
2.6 Barn og unge	59
2.7 Samisk språk, identitet og kultur	70
2.8 Norsk språk, identitet og kultur og det kulturelle, språklege og religiøse mangfaldet	76
2.9 Norsk kultur, kunst, musikk, drama og film	87
2.10 Tilgjengelegheit og beredskap	104
2.11 Redaksjonelt uavhengig og reklamefri	114

 Medietilsynet

ISBN: 978-82-91977-80-5

Medietilsynet

Post- og besøksadresse:

Nygata 4

1607 Fredrikstad

Telefon:

69 30 12 00

Epost:

post@medietilsynet.no

www.medietilsynet.no

1

Allmennkringkastinga i Noreg

Allmennkringkasting har som formål å fylle ei demokratisk, kulturell og sosial rolle i samfunnet og er eit sentralt mediepolitisk verkemiddel både i Noreg og i mange andre europeiske land.

1.1 Oppsummering av tilsynsresultatet for 2018

Det følger av kringkastingslova at Medietilsynet kvart år skal utarbeide ein allmennkringkastingsrapport om korleis kringkastarane oppfyller allmennkringkastingsforpliktingane sine. Dette er den femtande rapporten frå Medietilsynet. Tilsynet med allmennkringkastingsforpliktingane er basert på ein gjennomgang av allmennkringkastarreknescapen til den enkelte kringkastaren, som gjer greie for programtilbodet det siste året og korleis kringkastaren har oppfylt forpliktingane sine. Generalforsamlinga til NRK følger opp Medietilsynets vurdering av NRK og eventuelle brot på krava i vedtektene. Kulturministeren er generalforsamlinga til NRK.

Tilsynsresultatet for programåret 2018 viser at NRK i det store og det heile oppfylte samfunnsoppdraget sitt. Medietilsynet har komme fram til at NRK har brote to av krava til programverksemda. Dette gjeld kravet om jamlege program for unge på samisk og kravet om 25 prosent nynorsk på radio, tv og nett. NRK har i fleire år brote kravet til nynorsk på alle medieplattformer, men har i 2018 auka bruken av nynorsk både på radio og tv samanlikna med året før. Det er tredje gongen NRK bryt krava om eigne program for unge på dei samiske språka, men frå andre halvår 2018 hadde NRK Sápmi fått på plass jamlege program for unge på samisk. Dette er ikkje tilstrekkeleg til å oppfylle kravet om at programtilbodet skal vere jamleg.

Nokre utvalde hovudkonklusjonar:

NRK bidrar til det norske mediemangfaldet gjennom å oppfylle allmennkringkastingsoppdraget og gjennom å legge til rette for samarbeid med andre medieaktørar.

NRK hadde høg kvalitet og god tematisk og sjangermessig breidde i innhaldstilbudet.

Kravet til at NRKs innhald skal vere ei kjelde til innsikt, refleksjon, oppleving og kunnskap, er godt tatt hand om.

NRK oppfyller det styrkte kravet om å spele minst 40 prosent norsk musikk i NRK P1, NRK P2 og NRK P3 med god margin.

NRK oppfyller kravet om å tilby kulturstoff for både breie og smale grupper inklusiv eigne kulturprogram. NRK oppfyller også krava om å formidle norsk drama og film og til å stimulere norske produksjonsmiljø.

NRK har hatt sportssendingar som dekker både breidda i norsk idrettsliv og store idrettshendingar, inklusive idrettsutøvingane til dei funksjonshemma.

NRK har gjennom eit breitt nyheits- og aktualitetstilbod belyst og gitt utfyllande bakgrunnsstoff i nyheitsdekninga, og NRK arbeider på tvers i organisasjonen for å styrke den undersøkjande journalistikken. Nyheitstilbudet var også retta mot ulike aldersgrupper der N17 er eit nytt nyheitstilbod for ungdom.

NRK oppfyller krava til lokalt nærvær og innhaldsproduksjon og har distriktssendingar alle kvardagar.

NRK vekslar mellom program for breie og smale grupper og har sendt program for nasjonale og språklege minoritetar.

NRK har daglege program for den samiske befolkninga og bidrar gjennom programtilbudet sitt til å styrke samisk språk, identitet

og kultur. NRK oppfyller kravet om jamlege program for barn på samisk, men oppfyller ikkje kravet om jamlege program for unge på samisk.

NRK oppfyller krava til å fremme retten barna har til ytringsfridom og informasjon, og har daglege norskspråklege program for barn under tolv år. NRK oppfyller også kravet om å ha jamlege norskspråklege program for unge.

NRK oppfyller kravet om 25 prosent nynorsk på tv, men ikkje på radio og nett.

NRK arbeider systematisk og godt med universell utforming av innhaldstilbudet sitt og har eit breitt tilbud til syns- og høyrselshemma i 2018.

1.2 NRK einaste allmennkringkastar

For første gong sidan starten av 1990-åra var det i 2018 berre NRK som var allmennkringkastar i Noreg. I løpet av 2017 sløkte det riksdekkande FM-nettet for radio, og dei kommersielle radiokanalane P4 og Radio Norge har ikkje lenger allmennkringkastingsforpliktingar. Den tidlegare avtalen til TV 2 om kommersiell allmennkringkasting på tv gjekk ut i 2017, men staten har no inngått ei ny avtale med TV 2. Avtalen gjeld frå 1. januar 2019 og inneber at TV 2 skal tilby eigenproduserte nyheits- og aktualitetssendingar, program for barn og unge og norsk film og tv-drama – i tillegg til at den sentrale nyheitsredaksjonen og hovudredaksjonen skal vere minst 100 kilometer utanfor Oslo. Staten vil kompensere for nettokostnadene knytte til allmennkringkastingsoppdraget med inntil 135 millionar kroner per

år dei neste fem åra. Medietilsynet skal årleg føre tilsyn med at TV 2 oppfyller forpliktingane i avtalen og er no i gang med å utarbeide tilsynsopplegget. Den første vurderinga av korleis TV 2 oppfyller forpliktingane, vil skje i 2020.

I Meld. St. 17 (2018–2019) *Mangfald og armlengds avstand – mediepolitikk for ei ny tid* (mediestøttemeldinga) behandla regjeringa forslaget frå Mediemangfaldsutvalet om ei tilsvarande kompensasjonsordning for ein riksdekkande radiokanal som tilbyr allmennkringkastingsinnhald. Departementet konkluderte med at det ikkje var aktuelt å innføre ei slik ordning for radio no, og grunn gav dette med endringane som kjenneteiknar radiomarknaden – både når det gjeld aktørbildet og utviklinga i innhaldstilbudet.

1.3 Nye krav til NRK

Som offentlig finansiert allmennkringkastar har NRK eit særskilt samfunnsoppdrag og skal levere allmennkringkastingsinnhald på alle medieplattformer. Stortinget fastset dei overordna rammene for NRK i NRK-plakaten. I desember 2017 blei vedtektene til NRK endra i tråd med den nye NRK-plakaten som Stortinget vedtok i juni same året. Stortinget har presisert formålet med NRK-plakaten som no i større grad er reindyrka som eit overordna politisk styringsdokument. Innhaldet i den tidlegare NRK-plakaten er i stor grad ført vidare i det nye allmennkringkastingsoppdraget til NRK. NRK har fått nokre nye krav, blant anna har NRK fått eit sjølvstendig ansvar for mediemangfaldet nasjonalt og regionalt, tilbodet skal i hovudsak vere av redaksjonell karakter, og beredskapsansvaret er tatt inn i oppdraget. I tillegg er nokre av dei tidlegare krava til NRK skjerpa, for eksempel er delen norsk musikk NRK skal spele i NRK P1, NRK P2 og NRK P3, auka frå 35 til 40 prosent.

Allmennkringkastingsoppdraget er formelt gitt i vedtektene til NRK, der NRK-plakaten er tatt inn i sin heilskap og utdjupa med meir detaljerte krav til allmennkringkastingsverksemda. Krava i vedtektene til NRK ligg til grunn for Medietilsynets vurdering og tilsyn med korleis NRK oppfyller oppdraget sitt. 2018 er det første året Medietilsynet har vurdert NRK etter dei nye vedtektene.

Ved behandlinga av Meld. St. 15 (2016–2017) *Eit moderne og framtidsette NRK* slutta Stortinget seg til å innføre eit fireårig styringssignal for dei økonomiske rammene til NRK. Stortinget slutta seg også til at departementet kvart fjerde år skal vurdere om det er behov for endringar i allmennkringkastingsoppdraget, og sjå på korleis tilbodet til NRK påverkar kommersielle medium og det totale medietilbodet til publikum. Styringssignalet blir tidlegast innført frå og med budsjettåret 2020.

NRK

Foto: Håkon Mosvold
Larsen, NTB scanpix



I mediestøttemeldinga foreslår regjeringa å avvikle kringkastingsavgifta frå 1. januar 2020 og frå same tidspunkt finansiere NRK gjennom ei løyving over statsbudsjettet. Regjeringa meiner at ein modell med finansiering over statsbudsjettet vil vere enkel og ubyråkratisk og vareta sosiale omsyn ved at finansieringa av NRK blir underlagt fordelingssegenskapane i det allmenne skattesystemet. Samtidig er modellen framtidsette fordi den er uavhengig av den teknologiske utviklinga. Ifølge regjeringa vil denne modellen, kombinert med faste langsiktige økonomiske styringssignaler, gi meir føreseielege inntekter og styrke sjølvstendet.

I Innst. 365 S (2018-2019) sluttar familie- og kulturkomiteen seg til den nye finansieringsmodellen for NRK og viser til at ordninga med romartalsvedtak for det konkrete styringssignalet for fire år av

gongen vil styrke føreseielegheita og sjølvstendet for NRK.

I innstillinga viser komiteén til at det under høyringa 6. mai 2019 var fleire instansar som var bekymra for følgene for NRKs sjølvstende ved omlegginga av finansieringsmodellen. Komiteén har merka seg at NRK ikkje problematiserer dette, men at NRK ønsker at sjølvstendet deira skal lovfestast. Eit mindretal bestående av medlemmer i komiteén frå Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti er einige i at det er på høg tid at lisensordninga blir lagd om, men meiner at finansiering over statsbudsjettet er prinsipielt problematisk for den uavhengige stillinga til NRK. Desse medlemmene fremmar forslag om at Stortinget skal be regjeringa greie ut tiltak for å sikre NRK større sjølvstende og økonomisk føreseielegheit.

1.4 Konkurransmessige følger av verksemda til NRK

I rapporten frå april 2018 om NRKs bidrag til mediemangfaldet vurderte Medietilsynet korleis NRK bidrar til innhalds- og bruksmangfald, og i kor stor grad NRK gjennom samarbeid med andre bidrar til mediemangfald. Tilsynet vurderte også dei konkurransmessige følgene av nyheits- og aktualitetstilbodet som NRK har på nett. I mediestøttemeldinga viser departementet til at dei empiriske undersøkingane tilsynet henta inn, ikkje påviste at konkurransen frå NRK er årsaka til utfordringane som dei kommersielle aktørane har. Departementet sluttar seg til vurderingane til Medietilsynet og ser ikkje at det er grunnlag for å meine at NRKs nærvær på nett i vesentleg grad avgrensar høva dei kommersielle media har til å ta betalt for digitale nyheiter. Departementet har derfor ikkje foreslått å avgrense oppdraget til NRK. I meldinga blir det peikt på at nettet er i ferd med å bli den viktigaste medieplattforma – særleg for unge. Ei avgrensing i

nærværet på nett kunne ha gjort det vanskelegare for NRK å nå ut til heile befolkninga og kunne hatt ein negativ effekt på det totale medie- og bruksmangfaldet.

I mediestøttemeldinga foreslår regjeringa at NRK skal ha eit særleg ansvar for å dekke tematiske og geografiske blindsoner, det vil seie tema eller område som i liten grad blir dekte av andre medium. Regjeringa er opptatt av at NRK må vere bevisst på rolla si. Ansvaret for å dekke tematiske og geografiske blindsoner må balanserast mot det sjølvstendige ansvaret for å bidra til det norske mediemangfaldet, regionalt og nasjonalt. I Innst. 365 S (2018-2019) er familie- og kulturkomitéen einige i at det ikkje er behov for å gå gjennom NRK-plakaten i si fulle breidde no, men støttar forslaget til regjeringa om at NRK-plakaten blir utvida med eit punkt om at NRK skal ha eit særleg ansvar for å dekke tematiske og geografiske blindsoner der det er tydeleg at andre medium ikkje kan eller vil dekke det. Komitéen

viser vidare forståing for at det er uunngåeleg at tilbodet til NRK påverkar handlingsrommet til dei kommersielle aktørane i den same marknaden. Komitéen meiner det i den samanhengen er viktig å vise til rolla NRK har som allmennkringkastar og NRK-plakaten som gir politiske føringar for kva NRK skal satse på. Komitéen har merka seg Medietilsynets vurderingar av korleis NRK bidrar til mediemangfaldet, men også at ikkje alle medieaktørar deler konklusjonane til tilsynet. Departementet har i mediestøttemeldinga konkludert med at det ikkje er aktuelt å

legge restriksjonar på NRKs moglegheiter til å tilby innhaldet sitt på nett. Fleirtalet i komitéen er einige i dette, men viser til departementet sine vurderingar om at NRK bør vere tilbakehaldne med å sitere for mykje frå saker som kommersielle medieaktørar har publisert bak betalingsmur. Dette for å oppretthalde insentivet og meirverdien ved å oppsøke den originale kjelda. Fleirtalet støttar også at NRK skal ha ein raus krediteringspraksis.

Det står meir om dette i kapitlet om NRKs bidrag til det norske mediemangfaldet.

2


Vurdering av programverksemda til NRK i 2018

Grunnloven § 100, sjette ledd:

Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte.

Monsen minutt for minutt.

Foto: Thomas Hellum, NRK



2.1 Den demokratiske rolla til NRK

Vedtektene

§ 12 - NRK skal ha som formål å oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet.

§ 13 - NRK skal ivareta ytringsfrihet og ytringsvilkår for borgerne. NRK skal være redaksjonelt uavhengig og være balansert over tid. NRK skal bidra til å fremme den offentlige samtalen og medvirke til at hele befolkningen får tilstrekkelig informasjon til å kunne være aktivt med i demokratiske prosesser.

NRK skal med det samla allmennkringkastingstilbudet sitt støtte og styrke demokratiet og oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet. Det overordna kravet i § 12 fortel om formålet med allmennkringkastingsoppdraget til NRK. Vidare reflekterer § 13 korleis NRK har ein viktig funksjon knytt til det såkalla infrastrukturkravet i Grunnlova § 100 sjetle ledd, som inneber at staten har ansvar for å legge til rette for kanalar og

institusjonar som bidrar til ein open og opplyst offentleg samtale. NRK har fått eit særleg ansvar for å fremme den offentlege samtalen, og den nye NRK-plakaten presiserer at dette inneber å legge til rette for ytringsfridommen og ytringsvilkåra til borgarane. Oppdraget til NRK inneheld fleire krav som skal sikre at NRK gir løpande oppdatert og fordjupande informasjon som er relevant for den offentlege debatten i eit velfungerande demokrati.

NRK har eit breitt innhaldstilbod på nyheits- og aktualitetsfeltet, ei rekke debattprogram og faste program som forklarar nyheitsbildet og set det inn i ein større samanheng. I tillegg til den viktige funksjonen som nyheits- og debattformidlinga har for ein open og opplyst offentleg samtale, har NRK fått ein sentral funksjon i arbeidet for å styrke norsk og samisk språk, identitet og kultur – gjennom innhaldstilbudet og gjennom å synleggjere mangfaldet av språk, identitetar og kulturar i Noreg.

Prinsippet om at NRK skal vere redaksjonelt uavhengig, er grunnleggande for at NRK skal kunne ta hand om allmennkringkastingsoppdraget på ein tilfredsstillande måte. Det er også viktig at NRK, ikkje minst i opplysningsaktiviteten sin, er balansert over tid.

Allmennkringkastingsoppdraget har utfyllande føresegner om korleis NRK skal dekke politiske val, med særskilde krav til ei brei og balansert dekning og til at alle parti over ein viss storleik skal bli omtalte, jf. vedtektene § 26. I 2018 var det ikkje politiske val i Noreg, og dette kravet er derfor ikkje vurdert.

Vurderinga av korleis NRK oppfyller dei overordna krava i §§ 12 og 13, bygger på ei

samla vurdering av korleis NRK oppfyller dei meir spesifikke krava til innhaldstilbudet i oppdraget sitt. Delvurderingane viser samla sett om NRK på eit overordna plan kan seiest å løyse allmennkringkastingsoppdraget på ein god måte. Medietilsynet har også sett på strategien til NRK for 2019 til 2022 og utgreiinga av korleis denne strategien styrer måten NRK prioriterer innhald og publisering på. Ifølge allmennkringkastarrekneskapen til NRK for 2018 blei ein ny langtidsstrategi vedtatt våren 2018 med desse tre måla: at NRK skal styrke og utvikle demokratiet, samle og engasjere alle som bur i Noreg, og vere ein publisist og innhaldsprodusent i verdsklasse. NRK måler resultat og utvikling ut frå oppdrag, bruk og omdømme for å gi eit bilde av korleis NRK lykkast med å nå ut til publikum med samfunnsoppdraget sitt. Dette reflekterer korleis NRK styrer verksemda etter formålet med allmennkringkastingsoppdraget.

Vidare er NRK opptatt av å følge endringane i mediebruken til befolkninga for å kunne halde fram med å vere relevant. Dette krev stadige endringar og omstillingar. I 2018 hadde NRK totalt 87 prosent dagleg dekning. Det blir vist til at fleire bruker nett enn radio og tv, men NRK må også ta omsyn til at dei

flESTE målgruppene også bruker tv og radio i eit stort omfang. Eit av satsingsområda til NRK er å tilby enda meir ungt innhald på tvers av sjangrar. I 2018 var den daglege dekninga i aldersgruppa tolv til 29 år på 76 prosent. Dette er fire prosentpoeng lågare enn det NRK har som mål for denne gruppa, men NRK viser til å ha lykkast med fleire av satsingane sine for å nå dei yngre – som podkast og strøymetenesta NRK TV.

NRK er opptatt av å ha ein høg etisk standard i det journalistiske arbeidet og av at faktaopplysningar i saker blir framstilte på ein sakleg og balansert måte. NRK viser vidare til at tilliten i befolkninga og eit godt omdømme er sjølve fundamentet for legitimiteten til NRK i det norske samfunnet. Eit eksempel på måling av

[Medietilsynet har etter ei samla vurdering av korleis NRK oppfyller dei ulike forpliktingane som blir stilte til allmennkringkastingsverksemda, komme til at dei overordna krava i vedtektene er oppfylte.](#)

omdømme er Ipsos MMIs liste over verksemdene med best omdømme i Noreg. På denne lista har NRK lege høgt over fleire år, og i 2018 låg NRK som nummer tre. NRK gjennomfører også si eiga profilundersøking kvart år. Ho måler kva oppfatning befolkninga har av NRK, og kor tilfredse dei er med NRK. I 2018 viste undersøkinga blant anna at 90 prosent synest NRK tilbyr truverdige nyheiter, informasjon og dokumentarar. 73 prosent meiner NRK oppfyller målet om å vere upartisk og upåverka. NRK er sjeldan blitt felt for brot på god presseskikk dei seinare åra. I løpet av 2018 behandla Pressas faglege utval (PFU) sju klager, og i berre éi av desse sakene fekk NRK kritikk for manglande kontroll av faktaopplysning før publisering.

2.2 Bidrag til det norske mediemangfaldet

Vedtektene

§ 14 - NRK skal ha et selvstendig ansvar for å bidra til det norske mediemangfoldet (regionalt og nasjonalt)

Frå 2018 ble det fastsett eit eige krav i NRK-plakaten om at NRK skal ha eit sjølvstendig ansvar for å bidra til det norske mediemangfaldet nasjonalt og regionalt. Da Stortinget behandla forslaget om å tydeleggjere NRKs ansvar for mediemangfaldet, var det tverrpolitisk einigheit om at det særskilde ansvaret NRK har for å sikre mediemangfaldet, blant anna blir tatt vare på ved at NRK oppfyller oppdraget gitt i NRK-plakaten, og gjennom samarbeid med andre aktørar, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Vidare var det einigheit om at NRK har eit ansvar for å sjå til at aktiviteten deira ikkje er til hinder for andre aktørar i den norske mediemarknaden.

Medietilsynet legg til grunn at måten NRK påverkar kommersielle medium og det totale tilbodet til publikum på, skal vurderast i samband med dei fireårige styringssignala, og at Kulturdepartementet har det overordna ansvaret for å initiere analysar av kva innverknad NRK har på konkurransen i mediemarknaden. Medietilsynet kjem derfor ikkje til å vurdere kva betydning NRK har for konkurransesituasjonen i mediemarknaden i si årlege vurdering av kravet i NRK-plakaten om at NRK skal ha eit sjølvstendig ansvar for å bidra til det norske mediemangfaldet.

2.2.1

Rapporten om NRKs bidrag til mediemangfaldet

Etter oppdrag frå Kulturdepartementet la Medietilsynet i april 2018 fram ei brei vurdering av korleis NRK bidrar til mediemangfaldet i Noreg. Rapporten inneheld ein analyse av NRKs bidrag til innhalds- og bruksmangfaldet, NRKs samarbeid med andre medieaktørar og konkurransemessige følger av nyheits- og aktualitetstilbodet til NRK. Vurderingsgrunnlaget omfatta både dokumentasjon frå NRK, Mediebedriftenes Landsforening (MBL) og Norsk Journalistlag (NJ), innspel frå open høyring, resultat frå ei spørjeundersøking blant aktørane i mediebransjen og data og informasjon frå andre faginstansar. Medietilsynet henta også inn eksterne analyser frå medieforskarar som både gjorde ein stordata innhaldsanalyse av nyheitstilbodet på nett og ei undersøking av mediebruken i befolkninga og ein empirisk basert konkurranseanalyse frå eit fagmiljø innanfor konkurranseanalyse. I samband med vurdering av dei konkurransemessige følgene av NRK hadde Medietilsynet også dialog med Konkurransetilsynet.

Medietilsynet konkluderte med at NRK bidrar til det norske mediemangfaldet gjennom å oppfylle allmennkringkastingsoppdraget. Det blei vist til at oppdraget til NRK er utforma for å sikre eit breitt og kvalitativt godt tilbod som er tilgjengeleg for heile befolkninga. På denne måten bidrar NRK gjennom allmennkringkastingsverksemda til innhalds- og bruksmangfald.

Innhaldsanalysen som Medietilsynet henta inn, blei gjennomført av medieforskarane Helle Sjøvaag og Truls Pedersen, som er knytte til Universitetet i Bergen og Stavanger. Dei samanlikna nyheits- og aktualitetstilbodet til NRK på nett med nyheitsnettstadene til andre medieaktørar¹. Eit hovudfunn i analysen var at i den grad NRK liknar på andre medium på nettet, gjeld dette dei journalistiske kjerneoppgåvene som ligg innanfor samfunnsoppdraga til media. Nyheitene frå NRK liknar minst på nyheitene i medium med ein klar lokal, populær eller nisjeorientert profil og mest på medium som søker å sette dagsorden for den offentlege samtalen og vil nå eit breitt publikum. NRK utgjør «midten» av det samla norske journalistiske landskapet ved

verken å legge seg innhaldsmessig inntil nisjemedier, i like stor grad prioritere sports-, forbrukar- og økonomistoff som dei kommersielle media eller konkurrere med lokalavisene om å dekke dei mest lokale temaa. Innhaldsanalysen viste vidare at NRKs tydelegaste bidrag til innhaldsmangfaldet er distriktstilbodet og at NRK har ein klar distriktsprofil og dekker regionane utover lokalmediemarknadene.

I analysen av NRKs bidrag til bruksmangfaldet undersøkte medieforskarane ved Universitetet i Bergen, Hallvard Moe med fleire, både breie brukarmønster i befolkninga som heilskap og mediebruken til ulike grupper med utgangspunkt i medierepertoaret som ulike grupper nyttar regelmessig². Analysen viste at NRK bidrar til bruksmangfaldet ved at tilbodet er ein del av nesten heile mediekvardagen til befolkninga, og at NRK dermed fungerer som ein felles arena for grupper som elles er svært ulike. I tillegg har NRK tydelege mål om å nå breitt ut, både gjennom å publisere innhaldet på dei medieplattformene folk bruker og ved å ha eit variert innhaldstilbod til både breie og smale grupper i befolkninga.

Medietilsynet vurderer også at NRK har vist at verksemda jobbar aktivt med å nå fleire av dei yngre publikumsgruppene som i mindre grad nyttar norske nyheitsmedium, blant anna gjennom ulike strategiar for publisering og ved å sikre representasjon frå ulike kulturar.

Vidare vurderer Medietilsynet at NRK legg til rette for samarbeid med andre medieaktørar med mediemangfald som formål, at NRK i tråd med det nye kravet i stor grad er initiativtakar til samarbeid og at samarbeidet har auka betydeleg dei siste tre åra. Eit hovudfunn i spørjeundersøkinga som Medietilsynet gjennomførte i bransjen var at medieaktørane som har samarbeidd med NRK, både har god erfaring med samarbeidet og meiner at det hadde ein positiv effekt på resultatet. Undersøkinga bekrefta også at ulike medieaktørar har ulikt syn på verdien og effekten av å samarbeide, noko som understrekar at det å realisere eit samarbeid ikkje kan vere ansvaret til NRK aleine. Om NRK bidrar til det norske mediemangfaldet gjennom samarbeid med andre, må derfor vurderast ut frå om NRK kan dokumentere at NRK er ein open og aktiv initiativtakar til samarbeid, og om alle medieaktørar på regionalt og nasjonalt nivå får like høve til å inngå samarbeid.

¹ Sjøvaag, H. og Pedersen, T. (2018) *NRKs bidrag til mediemangfaldet*

² Hovden, J. F., Moe, H., Rosenlund, L. og Holm, B. (2018) *Brukerperspektiv på NRKs bidrag til mediemangfaldet og innvirkning på andre aktører: En analyse av surveydata for Medietilsynet, Bergen: Universitetet i Bergen*

Vurderinga til Medietilsynet var at NRK har ein formålstenleg strategi for sitering, og at NRK er tilbakehalden med å sitere for mykje for ikkje å fjerne insentivet til å oppsøke og lese originalsaka. Dette bidrar til å halde ved lag eit mangfald av uavhengige nyheits- og aktualitetsmedium og er derfor viktig i eit mediemangfaldsperspektiv. Analysen som Medietilsynet fekk gjennomført av lenkepraksisen til NRK, indikerte at NRK i avgrensa grad viser til nettavisene til andre medieaktørar og i staden i stort omfang lenkar til eigne nettsider. Dette blei stadfesta i spørjeundersøkinga der mange aktørar svarte at dei opplever at NRK i mindre grad lenkar til originalinnhaldet deira enn dei siterer og krediterer. Medietilsynet peikte på at den eksterne lenkinga til NRK har størst effekt i eit mediemangfaldsperspektiv dersom det blir lenka til andre redaktørstyrte medium som produserer originaljournalistikk. Gjennom ekstern lenking kan NRK også sjølv bidra til å avhjelpe det potensielle problemet med at NRK tar mykje nettrafikk frå andre aktørar. Medietilsynet meinte derfor det burde vurderast om kravet til lenking skal presiserast nærmare ved å pålegge NRK å gradvis auke omfanget av ekstern lenking til andre redaktørstyrte medium.

Den empiriske konkurranseanalysen av nyheits- og aktualitetstilbodet til NRK på nett viste at NRK utøver eit avgrensa konkurransepress på dei kommersielle nyheitsaktørane på nettet. Analysen viste at NRK ikkje er ein nær konkurrent til lokale nettmedium, og at dei kommersielle aktørane i den nasjonale marknaden stort sett opplever størst konkurranse frå andre kommersielle aktørar. At dei kommersielle aktørane lykkast med digital brukarbetaling, indikerer at NRK ikkje reduserer høva dei kommersielle aktørane har til å ta betalt for digitalt nyheitsinnhald. Konkurranseanalysen påviste ikkje at nærværet av NRK på nett i vesentleg grad avgrensa konkurransen i dei marknadene som blei analyserte. I den grad nærværet til NRK er disiplinerande for åtferda til dei andre aktørane i marknaden, er det grunn til å tru at effekten samla sett er positiv for publikum. Analysen av nettbruk og betalingsvilje viste at det ikkje var nokon samanheng mellom bruken av NRK-nyheitene på nettet og betalingsviljen for nettnyheiter. Kven som betaler for nyheiter på nettet, handlar snarare om generelle nyheitsvanar i tillegg til andre faktorar som høg utdanning og låg alder.

Fotballinteresserte fekk eit stort meisterskap på to kanalar sommaren 2018 som ei følge av samarbeidet mellom TV 2 og NRK.

Foto: Julie Marie Nagelstad, NRK



2.2.2 Mediestøttemeldinga

I Meld. St. 17 (2018–2019) *Mangfald og armlengds avstand – Mediepolitikk for ei ny tid* (mediestøttemeldinga) sluttar regjeringa seg til vurderingane til Medietilsynet i rapporten og vil derfor ikkje innskrenke NRKs nærvær på nettet. Departementet meiner at ei slik avgrensing kan gjere det vanskeleg for NRK å nå heile befolkninga, og kan ha negative følger for det totale medie- og bruksmangfaldet. Særleg vil ei slik avgrensing kunne svekke evna NRK har til å nå dei gruppene som i liten grad oppsøker nyheiter på dei tradisjonelle medieplattformene. Regjeringa meiner at NRK bør vere tilbakehalden med å sitere for mykje frå saker som kommersielle medieaktørar har publisert bak

betalingsmur, at NRK bør ha ein konsekvent og raus praksis når det gjeld sitering, og at NRK aktivt bør samarbeide med andre medieaktørar der det er naturleg. Vidare foreslår regjeringa at NRK bør få eit særleg ansvar for å dekke tematiske og geografiske blindsoner, noko som inneber at NRK får eit særleg ansvar for å dekke tema som i liten grad blir dekte av andre medium, og geografiske område med svak journalistisk dekning.

Bakgrunnen for at NRK-plakaten frå 2018 understreka det sjølvstendige ansvaret NRK har for å bidra til mediemangfaldet, er dei utfordringane den kommersielle mediebransjen står overfor med endra inntektsstraumar og nye medievanar. Tema i vurderinga er som nemnt om NRK oppfyller oppdraget gitt i

NRK-plakaten, kva samarbeid NRK har med andre aktørar lokalt, regionalt og nasjonalt, og om aktiviteten til NRK i vesentleg grad svekker konkurransen for kommersielle aktørar i den norske mediemarknaden, slik at det samla tilbodet til publikum blir dårlegare.

For å kunne vurdere kva følger NRKs nærvær har for konkurransen, må det gjennomførast empiriske analysar av konkurransesituasjonen i dei ulike marknadene der NRK finst. Ei slik vurdering har betydning for konkurranseflata mot kommersielle aktørar. I Meld. St. 15 (2016–2017) *Eit moderne og framtidretta NRK* foreslo Kulturdepartementet å innføre fireårige styringssignalar for dei økonomiske rammene for NRK. Departementet meinte at det i samband med fastsettinga av dette styringssignalet ville vere formålstenleg at departementet også vurderer korleis verksemda til NRK påverkar kommersielle medium og det totale medietilbodet til publikum og vurderer om det er behov for å endre allmennkringkastingsoppdraget.

Ei slik vurdering kan ifølge departementet gjerast gjennom å hente inn ein rapport frå eit fagmiljø, lik SNF-analysen frå 2015³ av kva følger utvalde NRK-nettenester hadde for konkurransen. Da Stortinget behandla meldinga, slutta det seg til forslaget frå departementet om fireårig styringssignal.

I mediestøttemeldinga la departementet til grunn vurderingane Medietilsynet hadde gjort av korleis nyheits- og aktualitetstilbodet til NRK på nett innverka på konkurransesituasjonen. Dei empiriske analysane som Medietilsynet henta inn i denne rapporten, påviste ikkje at det er konkurransen frå NRK som er årsaka til utfordringane dei kommersielle aktørane har, og det er ikkje grunnlag for å meine at NRK på nett i vesentleg grad innskrenkar høva dei kommersielle medieverksemdene har til å ta betalt for digitale nyheiter. Det blei vist til at mediemarknaden likevel er i stadig utvikling, og at departementet vil følge med på konkurransen frå NRK.

³ Gabrielsen, T. mfl. (2015). *Konkurransessige virkninger av noen utvalgte NRK-tjenester*. Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF), Bergen. Rapporten er utført på oppdrag frå Kulturdepartementet.

2.2.3 Vurderingsmomenta for det nye kravet om mediemangfald

Medietilsynet vil i si vurdering av kravet om at NRK har eit sjølvstendig ansvar for å bidra til det norske mediemangfaldet, legge vekt på korleis NRK samla sett oppfyller oppdraget som er nedfelt i NRK-plakaten, og på det samarbeidet NRK har med andre medieaktørar, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Medietilsynet vil også sjå på praksisen NRK har for ekstern lenking, kreditering og sitering.

NRK bidrar til mediemangfaldet i Noreg gjennom å oppfylle allmennkringkastingsoppdraget sitt. Oppdraget til NRK er utforma for å sikre eit breitt og kvalitativt godt tilbod som er

tilgjengeleg for heile befolkninga. I allmennkringkastarrekneskapen viser NRK til at verksemda bidrar til innhaldsmangfald gjennom ei unik sjangerbreidde med innhald for alle aldersgrupper, ved å vere til stades i heile landet og kringkaste nyheiter og aktualitet frå distrikta til eit nasjonalt publikum, og gjennom å tilby ei omfattande utanriksdekning. NRK viser til at det er brukt store ressursar dei seinaste åra på å gjere dei historiske arkiva allment tilgjengelege. Med 87 prosent dagleg dekning i befolkninga meiner NRK at kringkastaren er ein samlande arena i samfunnet og at nærværet på alle relevante medieplattformer gjer NRK til ein felles referanse for aldersgrupper som elles har svært ulike medievanar. NRK gjer innhaldet tilgjengeleg for personar med nedsett funksjonsevne.

Journalist Øystein Milli frå VG var programleiar for serien *Gåten Orderud*.

Foto: NRK/MONSTER



NRK viser til at Medietilsynet i rapporten om NRKs bidrag til mediemangfaldet kom til at det har vore ei positiv utvikling i samarbeidet mellom NRK og kommersielle medium dei siste åra. I 2018 etablerte NRK eit redaksjonelt samarbeid med VG om tv-serien *Gåten Orderud*. Samarbeidet omfatta nettportal, artiklar, tidslinjer og faktaboksar i tillegg til dialog med publikum. NRK delte også rettane til fotball-VM i Russland med TV 2, der kringkastarane delte 64 kampar seg i mellom. Vidare samarbeidde NRK med Amedia i samband med noregsmeisterskapet i fotball for menn og kvinnefotballen, der dei lokale mediehusa til Amedia fekk tilgang til produksjonane til NRK. Ifølge NRK gir fleire av satsingane deira ringverknader både regionalt og lokalt. Eksempel frå 2018 er *Monsen minutt for minutt* og *Sommeråpent* som gav råstoff til eigne saker for mange lokalaviser og andre medium.

NRK har ei rekke små og store samarbeidsprosjekt mellom distriktskontora og lokalavisene. NRK er opptatt av å vere inkluderande og sikre openheit rundt ulike former for samarbeid for å sikre at alle kan ha innsyn i kva som er mogleg å få til. Da KNM Helge Ingstad kolliderte med tankskipet Sola TS, delte NRK Hordaland direktestraumen frå kamerariggen sin med andre

medium. NRK Sápmi hadde i 2018 tre arrangement med samiske medium der formålet var å styrke det samiske mediemangfaldet.

Medietilsynet har merka seg at NRK tar utgangspunkt i dei vurderingane tilsynet har gjort av kva for faktorar som er viktige i samarbeidet med andre medieaktørar for å styrke mediemangfaldet. I rapporten om NRKs bidrag til mediemangfaldet konkluderte Medietilsynet med at NRK legg til rette for samarbeid med andre medieaktørar der mediemangfald er formålet. Ettersom denne vurderinga blei gjort i 2018, har tilsynet sett til opplysningane NRK gav der. NRK la da fram ein eigen rapport om lokalt mediemangfald frå desember 2017. Her gjorde NRK greie for ei rekke ulike former for samarbeid med medieaktørar, bransjeaktørar og andre institusjonar – både nasjonalt, regionalt og lokalt. NRK samarbeider med andre både redaksjonelt og teknisk, om arrangement og kompetansedeling, fagleg utvikling og innovasjon. Når NRK deler innhald med andre medieaktørar, er dette i utgangspunktet vederlagsfritt.

I samband til Medietilsynets rapport om NRKs bidrag til mediemangfaldet gjorde NRK også greie for at dei har utarbeidd retningslinjer for korleis dei skal

NRK sende direkte frå staden der KNM «Helge Ingstad». NRK delte straumen med blant anna TV 2, VG og Bergens Tidende.

Foto: Stian Sørum Røkenes, NRK



sitere, kreditere og samarbeide med andre mediebedrifter. Desse retningslinjene gjeld for alle nyheits- og aktualitetsredaksjonane i NRK. I retningslinjene går det fram at NRK skal ha ein rettskaffen siteringspraksis og vere forsiktig med å sitere for mykje, sidan dei da kan fjerne insitamentet til å lese originalsaka. NRK skal alltid ha som mål at publikum får ein meirverdi ved å gå til den opphavlege kjelda. Krediteringspraksisen til NRK skal vere konsekvent og raus, og NRK har som mål at kreditering gjennom lenking kan gi meirverdi for dei medieaktørane som NRK lenkar til.

Når det gjeld praksis for ekstern lenking, har analysane som er gjorde av NRKs lenkepraksis frå 2009, 2013 og for perioden 2015

til 2017, vist at NRK har auka lenkinga til eksterne medium noko. Talet på lenker til norske nyheitsmedium er likevel lågt samanlikna med omfanget av den interne lenkinga til NRK og til sosiale medium. Nøkkeltala til NRK for ekstern lenking i perioden 2015 til 2017 viste at NRK i gjennomsnitt lenkar 488 gonger til ein norsk nyheitsstad i løpet av éin månad, og at éin av ti artiklar på nrk.no har ei lenke til ein norsk nyheitsnettstad. I 2018 opplyste NRK at dei hadde vurdert å innføre faste lenker til lokale og regionale medium, i første omgang frå distriktskontorsidene, saman med andre tiltak som for eksempel at distriktskontora kvar veke summerer saker frå regionen og publiserer lista på framsida av nettsidene sine og

på sosiale medium. NRK har også hatt eit pilotprosjekt der Nordlys og iTromsø gjennom ein widget (eit miniprogram) på nett- og mobilsidene sine, får oppdatert innhald frå NRK Troms og NRK Sápmi. NRK har opplyst at verksemda vil kartlegge om det er interesse i bransjen for ei slik fast lenking. Forslaget er at NRK skal tilby dette til lokal- og regionaviser i alle NRK-distrikta.

NRK har ikkje lagt fram oppdatert statistikk for ekstern lenking for 2018. NRK tilsette i 2018 ein redaktør for mediemangfald og samarbeid, og er i gang med ei

Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 oppfyller kravet om å bidra til det norske mediemangfaldet regionalt og nasjonalt.

brei kartlegging av korleis NRK kan samarbeide med andre aktørar i mediebransjen. Dette er den første vurderinga av korleis NRK oppfyller kravet om å bidra til det norske mediemangfaldet regionalt og nasjonalt. Medietilsynet vil utvikle eit nærmare opplegg for kva for faktorar som gir gode mål for korleis NRK varetar kravet. Opplegget vil vere basert på erfaringane frå arbeidet med NRK-rapporten og denne første vurderinga av kravet. Tilsynet vil i 2019 gå i dialog med NRK om dette og sjå på korleis NRK skal rapportere i allmennkringkastarrekneskapen sin.

2.3 Høg kvalitet, mangfald og nyskaping

Vedtektene

§ 21 - NRKs tilbud skal i hovudsak være av redaksjonell karakter. NRK skal etterstrebe høg kvalitet, mangfald og nyskaping. NRKs tilbud skal ha tematisk og sjangermessig bredde. NRK skal appellere til alle aldersgrupper.

§ 38 - NRKs allmennkringkastingstilbud skal være kilde til innsikt, refleksjon, opplevelse og kunnskap gjennom programmer av høg kvalitet.

§ 39 - NRK skal være nyskapende og bidra til kvalitetsutvikling

§ 40 - NRK skal kunne formidle samme type tilbud som også tilbys av kommersielle aktørar, men bør etterstrebe å tilføye sitt tilbud et element av økt samfunnsverdi i forhold til det kommersielle tilbudet.

§ 43 - NRK skal bidra til utdanning og læring, herunder tilby innhald tilrettelagt for skoleverket.

§ 51 - NRK skal stimulere til kunnskap, forståelse og bruk av andre medieplattformer blant brukere i alle aldre.

§ 49 - NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- Tjenester og spill som stimulerer til interaktiv deltakelse

2.3.1.

Eit tilbod av redaksjonell karakter

Kravet om at tilbodet til NRK i hovudsak skal vere av redaksjonell karakter, blei tatt inn i NRK-plakaten etter forslag frå departementet i Meld. St. 38 (2014–2015) *Open og opplyst*, punkt 10.6.2.4 *Andre NRK-tenester på nett*. Der drøfta departementet dei konkurransemessige verknadene nett-tenestene yr.no og ut.no hadde i marknaden for liknande tenester. Departementet konkluderte med at det ikkje var grunnlag for å innskrenke deltakinga til NRK i desse nett-tenestene, men at NRK bør avgrense utviklinga av eit framtidig tilbod på internett til tenester som i hovudsak er av redaksjonell karakter.

Resonnementet var at sjølv om tenester som yr.no og ut.no kan ha eit redaksjonelt innhald, ligg den primære funksjonen og verdien for brukarane for desse tenestene i nytteverdien. Det mest grunnleggande for ein allmennkringkastar er å dekke dei sosiale, kulturelle og demokratiske behova i samfunnet, og etter Kulturdepartementets syn er det redaksjonelle tenester som

primært oppfyller dette. Departementet meinte derfor at allmennkringkastingsoppdraget til NRK framover skal oppfyllast gjennom å tilby tenester som primært er redaksjonelt funderte. Det betyr for eksempel at NRK ikkje skal opprette nye nyttetenester. Departementet presiserte at dette gjeld uavhengig av om tenesta blir utvikla og tilbydd av NRK aleine eller i samarbeid med eksterne aktørar.

Nye tenester i NRK-regi må førehandsgodkjennast. Prosedyren inneber både ei vurdering av om den nye tenesta bidrar til å oppfylle allmennkringkastaroppdraget, og ei vurdering av dei konkurransemessige følgene av at NRK etablerer tenesta. Det nye kravet om at NRKs tilbod i hovudsak skal vere av redaksjonell karakter, avgrensar tydeleg høvet NRK har til å opprette nye nyttetenester når verksemda utviklar det framtidige tilbodet sitt. NRK har ikkje søkt om førehandsgodkjenning av nye tenester i 2018, og Medietilsynet kjenner ikkje til at NRK i 2018 har lansert nye tenester som primært har ein nyttefunksjon.

Medietilsynet vurderer derfor at NRKs tilbod i hovudsak var av redaksjonell karakter i 2018.

2.3.2

Innsikt, refleksjon og kunnskap

I allmennkringkastingsoppdraget til NRK er det stilt fleire krav til at tilbodet frå NRK skal ha høg kvalitet, vere nyskapande, mangfaldig og appellere til ulike grupper, og til at tilbodet skal vere ei kjelde til innsikt og refleksjon.

Fleire framstillingar i allmennkringkastarrekneskapen til NRK viser at innhaldstilbodet frå NRK på alle plattformer har høg kvalitet og stort mangfald, er nyskapande og gir auka samfunnsverdi. Medietilsynet vurderer at NRK ved å vere nyskapande og ta opp samfunnsaktuelle tema på ein fordjupande og engasjerande måte som treffer breitt, tilfører ein samfunnsverdi i det totale innhaldstilbodet som er

tilgjengeleg for publikum. Eit eksempel på korleis NRK foreinar fleire av desse måla gjennom nye satsingar, er dramaserien *17*, som hadde eit tydeleg mål om å gjere unge norsk-somaliske gutar meir stolte av sin eigen identitet. For sjåarane utanom kjernemålgruppa hadde NRK også ein ambisjon om å auke kunnskapen om kultur rehabilitering, å nansere oppfatningar mellom somaliarar og nordmenn og å løfte tema knytte til ansvaret som myndigheitene har i heimsendingssaker.

Det følger av allmennkringkastarrekneskapen at det samla tilbodet til NRK i 2018 hadde ei stor breidde i tematikk og sjangrar. Kanalane til NRK på tv og radio utfyller kvarandre med dei breie kanalane NRK1 og NRK P1, dei fordjupande og kunnskapsorienterte kanalane

Frå serien *17*.

Foto: NRK



Journalistane Annemarte Moland (til venstre) og Ingeborg Rygh Hjorthen har granska 200 sjølv mord i psykiatrien i Noreg.

Foto: Gry Kårstad, NRK



NRK2 og NRK P2 og barne- og ungdomstilbodet i NRK Super/ NRK3 og NRK P3. I tillegg har NRK ei rekke digitale radiokanalar med ulik profil og eit omfattande tilbod på nett og mobil. Medietilsynets vurdering av dei spesifikke krava i oppdraget til NRK og det samla innhaldet til NRK viser også at NRK har eit tilbod til både breie og smale grupper i befolkninga og tilbod som appellerer til ulike aldersgrupper.

NRK har i langtidsstrategien sin tatt inn kravet om at NRK skal vere ei kjelde til innsikt, refleksjon, oppleving og kunnskap med denne formuleringa: «NRK skal bidra til at folk forstår samfunnet, hverandre og seg selv bedre.» NRK gjer ulike undersøkingar for å få innsikt i kva som er dei relevante

behova hos ulike brukargrupper/ segment. Eit eksempel er den årlege ung-undersøkinga til NRK, der eit representativt utval av 15- til 29-åringar blir spurde om kvardagen sin, fritida si, ambisjonane og kjenslene sine, engasjementet sitt, seksualiteten og kroppen sin. Ung-undersøkinga frå 2017 viste at dei fleste unge er fornøgde, men også at ein stor del (nesten 20 prosent) er misfornøgde med seg sjølv eller livet sitt. Undersøkinga viste også at nesten halvparten av dei unge somme gonger kjenner seg einsame og er urolege for framtida. I 2018 sette NRK dagsordenen med innhald om psykisk helse i ulike format og til ulike målgrupper, frå eigne tilbod til dei yngste barna og dei unge til undersøkjande journalistikk og systemkritikk av helsetenesta

for eit vakse publikum. I dette arbeidet hadde NRK kontakt med ei rekke eksterne fagmiljø, og NRK utarbeidde materiell som kan brukast av andre i arbeidet med psykisk helse. NRK laga serien *Sjølv mord i psykiatrien*, som dokumenterte både omfanget av sjølv mord i psykiatriske institusjonar og ein manglande vilje i den norske helsetenesta til å vere open om eigne feil. NRKs arbeid med å få innsyn i alle saker frå 2014 til 2016 tok to år, og NRK avdekte lovbrøt i nesten halvparten av dei 200 sjølv morda som blei granska. NRK viser til at serien har ført til debatt om kor opent samfunnet er omkring sjølv mord, og til reaksjonar frå helseminister Bent Høie, Helsetilsynet, Pasientombodet og ikkje minst frå publikum. Serien har også ført til ein presseetisk diskusjon,

der Redaktørforeningen har rost NRK for å ha utfordra rådande presseetikk i desse sakene.

Dokumentarserien *Innafor* tok opp ulike tema som «dickpicks», vald, dommedag og einsemd. Serien blei publisert i NRK TV og har ifølge NRK treft godt i målgruppa under 30 år. Redaksjonen laga også nyheits- og fordjupningsaker til nett og mobil og hadde dialog med målgruppa i sosiale medium.

NRK sende i 2018 også ein ny sesong av serien *Helene sjekker inn*, der programleiaren Helene Sandvig sjekka inn på 15 institusjonar rundt om i landet. Serien formidla nære historier om døden og kvardagen for helsearbeidarar som jobbar tett på døyande. NRK viser til at serien gir mange reaksjonar frå publikum,

Fra *Helene sjekker inn*. Her er Ville og Helene frå Ravneberget fengsel.

Foto: Anders Leines, NRK



og til at fleire av programma blir viste på vidaregåande skolar og utdanningsinstitusjonar. I 2018 blei Helene sjekker inn-redaksjonen beden om å komme med innspel til openheitsutvalet som skal greie ut om problemstillingar knytte til ytringsfridom, pressefridom og personvern i helse og omsorgstenesta, barnevernet, barnehagar og skolar. I 2018 vann Helene Sandvig Gullruten for beste kvinnelege programleiar for innsatsen i denne serien.

Radio og podkastserien *Kraft – om livet* har også tematisert psykisk helse i 2018, med spørsmål som: «Kvifor er du så sjølvkritisk?», «Kven bestemmer i livet ditt?» og «Kan ein øve opp lykkemuskelen?»

Programkategoriar som tradisjonelt bidrar til kunnskap og refleksjon, er informasjonsprogram, nyheiter, aktualitetar, samfunnsprogram, kulturprogram, naturprogram, vitskapsprogram og dokumentarar. NRK har eit breitt nyheits- og aktualitetstilbod og program med undersøkjande journalistikk som bidrar til å gi innsikt, refleksjon og kunnskap. Dette tilbodet blir omtalt nærmare under vurderinga av krava til nyheits- og aktualitetsdekninga. Programstatistikken for 2018 viser at fakta- og vitskapsprogram er ein stor del i tilbodet på tv-kanalane til NRK. NRK har endra måten innhaldet blir kategorisert på frå 2017 til 2018, og det er no NRK sjølv som kategoriserer med utgangspunkt i kategoriane

Programleiar Andreas Wahl skil mytar frå fakta i *Folkeopplysningen*.

Foto: Teddy TV.



Frå serien *Parterapi*.

Foto: Tor Eigil Scheide, NRK



til EBU. Programstatistikken for 2018 er dermed ikkje direkte samanliknbar med statistikken for tidlegare år. I 2018 hadde NRK1 ni prosent «generelle fakta/samfunn» og fem prosent «natur og vitskap» sendingane sine, NRK2 hadde 19 prosent «generelle fakta/samfunn» og 13 prosent «natur og vitskap», mens NRK3 hadde 17 prosent og fire prosent innanfor desse temakategoriane. NRK har eit breitt tilbod innanfor fakta og informasjon både på radio, tv og nett. Nokre eksempel på faste programpostar er *Newton*, *Folkeopplysningen*, *Viten og vilje*, *Urix*, *Ukeslutt*, *Dagsnytt 18* og *Brennpunkt*.

I 2018 utfordra *Folkeopplysningen* med programleiar Andreas Wahl etablerte sanningar om sukker, kjøtt, treningsutstyr, kjernekraft og klima. Vitskapsprogrammet *Viten og vilje* tar for seg daglege utfordringar som angår kvar enkelt, og undersøker kva løysingar vitskapen kan bidra med. I 2018 fekk programmet om post-traumatisk stresssyndrom (PTSD) merksemd utover NRKs eigne plattformer. Facebook-videoar, Instagram, innslag i radioflater og nettartiklar om deltakarane i programmet førte til at mykje av stoffet nådde breiare ut enn til dei som såg sjølve tv-programmet. Ifølge NRK har om lag éin million menneske blitt eksponerte for temaet frå denne eine sendinga.

NRK viser til at vitskapsredaksjonen har hatt fleire gode erfaringar med å løfte ut enkeltsaker frå store tema. Redaksjonen si sak om «digital livsfare» som handla om korleis barn kan bli lokka og lurt ved hjelp av leiketøy som er kopla til internett, nådde 200 000 unike brukarar. I 2018 har NRK sendt serien *Latterlig smart*, der ein standup-komikar og ein forskar møtest og komikaren i løpet av ei veke skal framføre eit vitskapstema for eit publikum. Serien har tatt for seg tema som svartedauden, parasittar og biedød, og formatet har ifølge NRK vekt internasjonal interesse og blir tilbydd gjennom rettsfirmaet Digital Rights Group (DRG). NRK har også sendt kunnskapsprogrammet *Hva feiler det deg*, der eit fast legelag og eit lag med «lekfolk» utstyrt med nettbrett konkurrerer om å stille diagnosar på ekte pasientar.

NRK har som mål å vere relevant og viktig med underhaldningsinnhaldet sitt og gi innhaldet auka samfunnsverdi. Underhaldningstilbodet til NRK omfattar talkshow som *Lindmo* og «event» og store direktesende hendingar som samlar familien, krass satire i *Nytt på nytt* og *Satiriks*, og smalare tilbod som YouTubeserien *4etg* og den nye kortformat-serien *Parterapi*. Med *Nytt på nytt* ønsker NRK å styrke demokratiet ved å gjere politiske saker morosamare og

humor meir politisk, bidra til å utvide «ytringsrommet», spøke og harselere med fordømmar og bruke ironi og overdriving som grep. NRK viser til at *Nytt på nytt*-redaksjonen er opptatt av at satiren skal treffe godt, og at det skal vere tydeleg at det blir sparka oppover. Målet med *Satiriks* er ifølge NRK noko av det same: å styrke demokratiet gjennom å gjere unge menneske

interesserte i nyheiter og aktualitet. Under dette namnet blir innhald som *Svart humor*, *Norske grønnsaker*, *5080 Nyhetskanalen* og *Markedsavdeling1* tilbydd. NRK viser til at desse programma skal vere direkte, ærlege og dryge i forma, og ifølge NRK blir programma følgde i sosiale medium av engasjerte unge.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 oppfyller kravet om høg kvalitet, mangfald og nyskaping, at allmennkringkastingstilbodet skal vere ei kjelde til innsikt, refleksjon, oppleving og kunnskap gjennom program av høg kvalitet og at NRK skal vere nyskapande og bidra til kvalitetsutvikling. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK oppfyller kravet om at tilbodet skal ha tematisk og sjangermessig breidde, og at NRK skal appellere til alle aldersgrupper. Vurderinga er også at NRK oppfyller kravet om å tilføre tilbodet sitt eit element av auka samfunnsverdi samanlikna med det kommersielle tilbodet.

Victor Sotberg frå *FlippKlipp* er ein av mange programleiarar som gir ungdom ei innføring i personleg økonomi.

Foto: Magnus Solhaug Hofgaard, NRK



2.3.3 Utdanning og læring

NRK Skole tilbyr ifølge NRK eit stort og breitt utval av klipp og filmar på nettet som er tilrettelagde for undervisninga i grunnskolen og den vidaregåande skolen. Innhaldet er systematisert etter fag og læreplanmål, og NRK opplyser at det no blir laga innhald til dei tverrfaglege temaa i nye læreplanar som «demokrati og medborgarskap», «berekraftig utvikling» og «folkehelse og livsmeistring». Hausten 2018 lanserte NRK Skole eit prosjekt om personleg økonomi for

Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 oppfyller kravet om å bidra til utdanning og læring, medrekna å tilby innhald som er tilrettelagt for skoleverket.

ungdom. NRK har eit mål om å nå elevar i alle aldrar med NRK Skole. Ifølge ei landsomfattande undersøking gjort av Direktoratet for forvaltning og ikt (Difi) nyttar 70 prosent av elevane i grunnskolen og 53 prosent av elevane i den vidaregåande skolen nettsidene til NRK Skole. NRK opplyser også at nesten 20 000 lærarar følger kontoane til NRK Skole på sosiale medium, og at talet elevar som abonnerer på YouTube-kanalen til NRK Skole, aukar. Ifølge NRK gir mange av brukarane av NRK Skole positive tilbakemeldingar på tilbodet.

To hvite menn er historia om Tjostolv Moland og Joshua French. Podkastserien var ein av dei mest populære i 2018.

Foto: NRK.



2.3.4 Bruk av andre medieplattformer

NRK viser til at innhaldet til NRK må bli funne og valt i konkurranse med innhald frå resten av verda. Endringane i mediebruken i befolkninga gjer at dei lineære tv- og radiokanalane gradvis mister oppslutning, mens bruken av strøymetenester aukar. For NRK er dei lineære tv- og radiokanalane viktige, men strøymetenestene NRK TV og NRK Radio blir stadig viktigare. I 2018 har katalogen i NRK TV vakse, og NRK viser til at bruken av strøymetenestene også aukar. Ifølge NRK fører god publisering til at brukarane oppdagar og utforskar innhald dei elles ikkje ville ha sett, og NRK er bevisste på at publisering

av sterke titlar trekker publikum til strøymetenestene til NRK og aukar bruken av andre titlar som ligg i tenesta. Medietilsynet er positiv til at utvikling av ei form for allmennkringkastingsalgoritmar kan bidra til at publikum kan oppdage og utforske innhald dei elles ikkje ville ha blitt eksponerte for.

NRK arbeider med å forbetre brukaropplevinga, utvikle intuitiv navigasjon og effektiv programpresentasjon. I 2018 har NRK endra utsjånaden på NRK TV med fleksible etasjar. Det gir nye moglegheiter i publiseringa og deskinga av framsida, der NRK kan synleggjere både programkategoriar, aktuelle tema og direktehendingar. NRK har

også forbetra målingar av bruk og navigasjon.

I 2018 har NRK gjort podkastane sine tilgjengelege i appen NRK Radio på mobil og nett. Bruken av podkast er førebels lågare enn for lineær radio, men NRK viser til at «radio når du vil og der du vil» stadig blir ein viktigare del av oppdraget. Lyttinga til podkastane til NRK og andre norske aktørar auka i 2018. Ifølge NRK viste ei ung-undersøking i 2018 at 21 prosent av 15- til 29-åringane lytta til podkastar, ein auke frå 13 prosent i 2018. NRK publiserte 40 nye podkasttitlar i 2018, og i løpet av året blei det lasta ned totalt 71 961 podkasttitlar frå NRK. Lyttinga på podkastane til NRK kvar veke auka ifølge NRK frå 5,3 prosent til 10,3 prosent på eit halvt år. I 2018 samarbeidde NRK med BBC om podkasten *Death in the Ice Valley*, som handlar om det ikkje oppklarte dødsfallet til den mystiske

[Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 oppfyller kravet om å bidra til utdanning og læring, medrekna å tilby innhald som er tilrettelagt for skoleverket.](#)

Isdalskvinnia i 1970. NRK opplyser at serien fekk stor merksemd internasjonalt, og at han er lasta ned nærmare fire millionar gonger. Serien *To hvite menn* om Joshua French og Tjostolv Moland blei ein av dei mest populære podkastane til NRK i 2018.

I 2018 har NRK eksperimentert på den nye medieplattforma smarthøgtalar. NRK er opptatt av at det er viktig å ha publikum med på laget for å fange opp behov og respons på nye tilbod. I 2018 tilbydde NRK *Dagsnytt*, «Hendt i natt, skjer i dag», morgonsending frå dei 15 distriktskontora og Google Home – ein eigen app med kanalane til NRK, podkastar, forslag til valbart innhald, quiz og nyheiter. NRK viser til at bruken førebels er låg, men nyheitssendingane på Google Home auka frå 4 000 daglege avspelingar i desember 2018 til 12 000 daglege avspelingar etter julaftan.

Håvard Lilleheie spiller Daidalos i programmet *Labyrint*.

Foto: Jan Danielsson



2.3.5 Interaktiv deltaking


NRK Super har eit utval av gratis spel som eignar seg for målgruppa på nrksuper.no. NRK Super har utvikla appen *Svar-ometer* for målgruppa åtte til tolv år, der barna svarer på aktuelle spørsmål. På denne måten bruker NRK Super interaksjon med barna for å få fortalt nyheiter på ein annleis måte. Programmet *Labyrint* for målgruppa sju til ni år er i 2018 utvikla vidare til å bli meir interaktivt ved at det er laga «gjer det sjølv-videoar» med enkle bruksrettleiingar for ulike ting, som for eksempel oppskrifter på slimete

kaker. Ifølge NRK er desse videoane blant dei mest sette i NRK TV.

NRK har utvikla quiz-formatet på nrk.no i 2018 og har blant anna laga quizar om ulike tema der målet er at brukarane skal lære noko. NRK har eksempel på programseriar der publikum kunne kommunisere med programleiarane og redaksjonane på ulike måtar. I det direkte sende programmet *Alle mot 1* konkurrerer heile landet mot éin deltakar i studio, og tv-sjåarane kan via ein app tippe utfallet av ulike eksperiment som blir utførte i programmet.

[Medietilsynet har komme til at NRK i 2018 oppfyller kravet om å ha eit breitt og løpande oppdatert tilbod av tenester og spel på nett som stimulerer til interaktiv deltaking.](#)


2.3.6 Programstatistikk NRK TV



NRK1

Programkategori	Timer	Prosent
Drama	2 446	30,2%
Fritid/hobby/livsstil	1 287	15,9%
Sport	1 020	12,6%
Underholdning	921	11,4%
Nyheiter	824	10,2%
Generell fakta/samfunn	718	8,9%
Natur og vitenskap	419	5,2%
Musikk	220	2,7%
Kunst og kultur	206	2,5%
Religion/filosofi	29	0,4%


Kilde: Kantar Media, TVOV-undersøkelsen



NRK2

Programkategori	Timer	Prosent
Drama	623	8,8%
Fritid/hobby/livsstil	621	8,8%
Sport	441	6,3%
Underholdning	510	7,2%
Nyheiter	1 814	25,8%
Generell fakta/samfunn	1 337	19,0%
Natur og vitenskap	892	12,7%
Musikk	531	7,5%
Kunst og kultur	226	3,2%
Religion/filosofi	45	0,6%


Kilde: Kantar Media, TVOV-undersøkelsen



NRK3

Programkategori	Timer	Prosent
Drama	1 480	51,4%
Fritid/hobby/livsstil	300	10,4%
Sport	74	2,6%
Underholdning	320	11,1%
Nyheiter	39	1,4%
Generell fakta/samfunn	486	16,9%
Natur og vitenskap	119	4,1%
Musikk	38	1,3%
Kunst og kultur	20	0,7%
Religion/filosofi	4	0,1%

Kilde: Kantar Media, TVOV-undersøkelsen




NRK Super

Programkategori	Timer	Prosent
Animasjon	2 637	54,6%
Drama	923	19,1%
Underholdning	757	15,7%
Dokumentar	183	3,8%
Undervisning	110	2,3%
Samisk innhold	94	1,9%
Andre	126	2,6%

Kilde: NRK Statistikk

2.3.7


Programstatistikk NRK på radio



NRK P1

Programkategori	Timer	Prosent
Underholdning	3 478	39,7%
Musikk	2 268	25,9%
Regionale sendinger	1 306	14,9%
Nyheiter	672	7,7%
Samfunnsspørsmål	381	4,3%
Religion/livsfilosofi	310	3,5%
Sport	226	2,6%
Andre	119	1,4%

Kilde: Kantar Media PPM




NRK P3

Programkategori	Timer	Prosent
Musikk	6 920	79,0%
Underholdning	1 511	17,3%
Nyheiter	118	1,3%
Anna	102	1,2%
Kunst/kultur/medier	88	1,0%
Andre	20	0,2%

Kilde: Kantar Media PPM

2.3.8


Programstatistikk NRK på nett



NRK P2

Programkategori	Timer	Prosent
Samfunnsspørsmål	2 548	29,1%
Kunst/kultur/medium	2 233	25,5%
Musikk	1 527	17,4%
Nyheiter	1 087	12,4%
Religion/livsfilosofi	533	6,1%
Drama	245	2,8%
Vitskap	222	2,5%
Portrett	199	2,3%
Andre	168	1,9%

Kilde: Kantar Media PPM



Publiserte artikler i 2018

Artikler	Prosent
Distrikt - innenriks	54 %
Nyheiter - utenriks	13 %
Kultur og underholdning	4 %
Sport	9 %
Nyheiter/politikk - innenriks	2 %
NRK Super	2 %
NRK Sápmi	2 %
Andre	14 %

Kilde: NRK Statistikk

2.4 Nyheits- og aktualitetsdekninga

Vedtektene

§41 - NRK skal tilby nyheter, aktualiteter og kulturstoff for både smale og brede grupper, herunder egne kulturprogrammer. Tilbudet skal gjenspeile det mangfoldet som finnes i befolkningen.

§ 42 - NRK skal bidra til økt kunnskap om internasjonale forhold

§ 49 - NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- Nasjonale og internasjonale nyheter
- Fakta- og bakgrunnsinformasjon for nyheter, debatt og aktuelle samfunnsspørsmål

§ 26 - NRK skal ha en bred og balansert dekning av politiske valg. Samtlige partier og lister over en viss størrelse omtales normalt i den redaksjonelle valgdekningen.

§ 27 - NRK har som oppgave å avdekke kritikkverdige forhold og bidra til å beskytte enkeltmennesker og grupper mot overgrep eller forsømmelser fra offentlige myndigheter og institusjoner, private foretak eller andre.

2.4.1. Nyheter og aktualiteter til ulike aldersgrupper

Allmennkringkastarrekneskapen viser at NRK i 2018 hadde eit omfattande tilbud av nyheter og aktualitetar på tv, radio, nett og mobil. NRK Nyheter produserer løpande nyheitsdekning på radio, tv og nett. NRK har i tillegg ein eigen nyheitskanal på radio, NRK Nyheter. Det lineære nyheitstilbodet på radio og tv er tilgjengeleg digitalt gjennom NRK TV og NRK Radio, og nyheiter blir også publiserte gjennom sosiale medium.

I 2018 hadde NRK Nyheter følgande faste nyheitsprogram på NRK1: *Dagsrevyen*, *Dagsrevyen 21* og *Kveldsnytt*, det direktesende debattprogrammet *Debatten* og intervjuprogrammet *Torp*, som blir sendt kvar veke. Utanriksmagasinet

Urix blei sendt på NRK2, og *Urix på lørdag* blei sendt på NRK P2. Korte nyheitsbulletinar blei sende i *Dagsnytt* gjennom heile døgnet, *Nyhetsmorgen*, inkludert *Politisk kvarter* og kulturnyheiter, og *Nyhetsettermiddag* var daglege nyheitsmagasin på NRK P2. *Dagsnytt 18* er eit dagleg debattprogram på NRK P2, NRK Alltid Nyheter og NRK2. *Nyhetslunsj* blei sendt på NRK P2 og NRK Alltid Nyheter, og *Ukeslutt* blei sendt i NRK P1 og NRK P1 kvar veke på laurdagar. Distriktskontora har regionale nyheitssendingar på radio og tv morgon og ettermiddag frå måndag til og med fredag. NRK har også *Tegnspråknytt*, som tilbyr nyheiter tilrettelagde for høyrselshemma.

I 2018 styrkte NRK den digitale verksemda, blant anna ved å vidareutvikle nyheitsoppdateringa for nett og mobil med tekst,

Debatten er eit direktesendt debattprogram med programleiar Fredrik Solvang.

Foto: Ole Kaland, NRK



nettvideoar og direktestrøyming. NRKs mål er at det skal gå maksimalt 90 sekund frå NRK blir varsla om ei hending til hendinga blir formidla med levande bilde. NRK viser til at nett og mobil i dei siste åra har vakse fram som den viktigaste kjelda til nyheiter for dei som er under 60 år, men at ein betydeleg del av befolkninga framleis meiner at anten tv eller radio er den viktigaste nyheitskjelda. Mobil har ifølge NRK førsteprioritet i nyheitsoppdateringa deira, samtidig som NRK skal halde ved lag og utvikle vidare posisjonen som nyheitsleverandør på tv og radio.

NRK gjer greie for at nyheits- og aktualitetstilbodet på nett dekker både nasjonale og internasjonale nyheiter. Tilbodet på nett omfattar også fakta og bakgrunnsinformasjon for nyheiter, debatt og aktuelle samfunnsspørsmål.

I 2018 publiserte NRK 31 095 artiklar på nrk.no, ein reduksjon frå over 50 000 artiklar i 2017. NRK har ifølge allmennkringkastarrekneskapen gjort ei strategisk prioritering der alle redaksjonar jobbar etter prinsippet «færre for å gjere betre». NRK har ei løpande nyheitsdekning og går i djupna gjennom lengre artiklar og med *Urix forklarar*

på nrk.no. I 2018 var blant anna *Dagsnytt* og morgonsendingar frå 15 distriktskontor ein del av tilbodet NRK har på smarthøgtalar.

Supernytt var NRKs nyheiter for barn i 2018, og appen *Svar-o-meter* bruker interaksjon med barna for å fortelje nyheiter på ein annleis måte og for å få dei som ikkje sjølve oppsøker nyheiter, til å sjå verdien av å halde seg oppdaterte.

NRK P3 og mP3 har eit nyheitstilbod som er tilpassa yngre lyttarar, med *P3nyheter* som også blir publisert på sosiale medium. *N17* er ei ny satsing frå NRKs nyhetsdivisjon for å nå unge med nyheiter. Målet er å bli ein viktig nyheitsleverandør for unge menneske og å nå 100 000 tenåringar med nyheiter innan 2020. Undersøkingar NRK har gjort blant 17-åringar, viser at dei i liten grad oppsøker nyheiter, men at algoritmane på sosiale medium har betydning for kva innhald dei unge konsumerer. *N17*-redaksjonen produserer allereie nyheiter på YouTube kvar veke og tilpassar nyheiter for ei ung gruppe på Instagram og Snapchat, som er dei plattformene dei unge hovudsakleg bruker per i dag. I arbeidet med *N17* har NRK sett saman ressursar og kompetanse på tvers, og både utviklingsavdelinga, underhaldning, barn og NRK P3 er med.

Medietilsynet er positiv til at NRK arbeider aktivt med å nå yngre publikumsgrupper som fleire mediebruksundersøkingar har vist at i mindre grad nyttar norske nyheitsmedium. Da tilsynet vurderte NRKs bidrag til mediemangfaldet i 2018, henta vi inn ein ekstern analyse av korleis NRKs innhald bidrar til bruksmangfald⁴. Analysen såg både på breie brukarmønster i befolkninga som heilskap og mediebruken i ulike grupper. Eit hovudfunn var at tilbodet til NRK er ein del av nesten heile mediekvardagen til befolkninga, og at NRK dermed fyller rolla som ein felles arena for dei aller fleste på tvers av andre skiljelinjer. Analysen viste også at det er nokre mindre grupper (først og

fremst dei yngre) som i mindre grad enn andre orienterer seg mot nyheitstilbodet til NRK, og generelt sett heller ikkje mot andre norske redaksjonelle nyheitsmedium. Forskarane som gjorde analysen, peikte på at dette samsvarer med funn frå tidlegare undersøkingar om at dei yngre aldersgruppene sjeldan les nyheiter. Analysen viste vidare at desse gruppene er orienterte mot nettmedium, særleg sosiale medium, YouTube og underhaldningsrelaterte strøymetenester. *N17* ser derfor ut til å vere eit viktig tiltak for å nå breitt ut med nyheitsinnhaldet – også til unge som primært bruker nett og sosiale medium som kjelde til informasjon og til konsum av medieinnhald.

Medietilsynets vurdering er at NRK gjennom ei rekke ulike innhaldstilbod på radio, tv og nett hadde ei brei nyheits- og aktualitetsdekning i 2018. Utgreiinga frå NRK viser at tilbodet bestod av både nasjonale og internasjonale saker, gav løpande oppdatering av nyheitsbildet og fakta og bakgrunnsstoff i nyheitsdekninga i tillegg til debatt og dekning av aktuelle samfunnsspørsmål. Nyheits- og aktualitetstilbodet var også retta mot ulike aldersgrupper, medrekna barn og unge.

⁴ Hovden, J. F., Moe, H., Rosenlund, L. og Holm, B. (2018) Brukerperspektiv på NRKs bidrag til mediemangfoldet og innvirkning på andre aktører: En analyse av surveydata for Medietilsynet, Bergen: Universitetet i Bergen

2.4.2. Kunnskap om internasjonale forhold

NRK skal bidra til auka kunnskap om internasjonale forhold, noko som blir gjort i den løpande nyheitsdekninga og i fleire ulike programflater. 13 prosent av dei 31 095 artiklane som blei publiserte på nrk.no i 2018 var utanrikssaker. I 2018 bestod NRKs utanriksredaksjon av 19 journalistar med base i redaksjonen på Marienlyst og ti korrespondentar i utlandet. Korrespondentane er knytte til NRK-kontora i Nairobi, Beijing, Istanbul, Beirut, Moskva, Berlin, Brussel, London og Washington DC.

NRK viser til at nærvær er viktig for å kunne formidle det som skjer internasjonalt. Men ifølge NRK blir det publikum får fortalt avgrensa

av at autoritære regime i stadig aukande grad nektar journalistar tilgang. På reportasjereiser i 2018 har reporterane til NRK blitt følgde av representantar for styresmaktene – blant anna i Libya, Syria, Saudi-Arabia og Iran. NRK sender utanriksmagasinet *Urix* fast på NRK2 måndag til onsdag kvar veke, i tillegg til at det er sendt nokre spesialutgåver i løpet av året. *Urix på lørdag* var eit fast nyheitsprogram som blei sendt kvar veke på NRK P2, og som også blir publisert som podkast.

Utanriksredaksjonen til NRK har i 2018 arbeidd vidare med format der det blir gitt rom for å forklare kva som ligg bak nyheitshendingane. I serien *Urix forklarar* som inneheld både artiklar og videoar med bakgrunnsinformasjon og analysar, har NRK utvikla ulike nivå der

publikum sjølv kan velje mellom å få ei kort og enkel forklaring eller ei grundigare forklaring.

I 2018 har utanrikskorrespondentane til NRK møtt kvinner i Kongo, Uganda og Irak om temaet seksuell tortur og vald som krigshandling. Temaet blei sett på dagsordenen da Nobels fredspris 2018 blei tildelt Dennis Mukwege

og Nadia Murad for kampen deira mot seksualisert vald som våpen i krig og væpna konflikter. På NONA 18-konferansen i 2018 vann NRK Urix prisen for «Årets digitaljournalistikk, stor redaksjon» for *Min reise i Syria*, som handla om korleis menneska i det krigsherja landet startar på prosessen med å vende tilbake til liva sine.

Medietilsynets vurdering er at NRK i 2018 oppfyller kravet om å bidra til auka kunnskap om internasjonale forhold.

Urix forklarar om flyktingane frå Libya. Med programleiar Gry Blekastad Almås.

Foto: NRK.



2.4.3. Undersøkande journalistikk

I løpet av det siste halvtanna året har NRK gjennomført eit eige prosjekt for å auke talet og kvaliteten på større undersøkjande journalistiske gravesaker. Redaktørane til NRK har definert tydelege mål for gravejournalistikken, og det er etablert eit nettverk av journalistar og leiarar i heile NRK som jobbar

med undersøkjande journalistikk. Det har vore ein strategi å løfte dei beste idéane til felles gravesaker og sette saman team på tvers av avdelingar for å møte den kompleksiteten som undersøkjande journalistikk ofte inneber. NRK viser til at tolmod og grundig metodisk tilnærming er nødvendig for å avdekke saker eller informasjon som nokon ønsker å halde skjult for offentlegheita.



NRK løfta barneverssaka om ei ung jente og dei 16 søsknane hennar.

Foto: Syed Ali Shahbaz Akhtar.

Prosjektet har ifølge NRK vore involvert i nærmare 40 saker som gav ny innsikt i viktige samfunnsforhold i 2018, og fleire av desse sakene sette dagsorden i fjor. Nokre eksempel på tema som blei belyste, er sjølv mord i psykiatrien, at det blir gitt strafferabatt fordi politiet bruker for lang tid i saker, dumping av lakselusgift, kartlegging av bustadfelt som er bygde på søppelfyllingar i Noreg, og bruk av astmamedisin i toppidretten. NRK fortalde også historiene til norske ungdommar som er blitt sende til såkalla koranskolar eller rehabiliteringssenter i Somalia og Kenya, der dei opplevde grov mishandling og tortur. Regjeringa har etter dette foreslått tiltak som skal hindre at barn blir etterlatne i utlandet og sende til koranskolar.

NRK laga serien *Selv mord i psykiatrien*, som avdekte både omfanget av sjølv mord i psykiatriske institusjonar og manglande openheit om desse sakene i den norske helsetenesta. Vidare avslørte NRK ein mann som har lurt og trakassert norske kvinner på nett, og saka førte til at mannen blei gripen av politiet og tilstod forholda. NRK Rogaland løfta barneverns saka om ei ung jente og dei 16 søskena hennar, ei sak som både resulterte i fleire nettsaker, tv-dokumentaren *En søsters kamp* og nettdokumentaren *Monas oppgjør* i samarbeid med Brennpunkt-redaksjonen. Stortinget arbeider no

for å endre regelverket for erstatning i samband til barneverns saker.

Brennpunkt er eit fast program med undersøkende dokumentarar. I dokumentaren *Legekoden* og i ei rekke nettartiklar avdekte redaksjonen i 2018 misbruk av det tillitsbaserte inntektssystemet som både fastlegeordninga og delvis sjukehusa blir drivne etter. Redaksjonen granska 90 millionar rekningar frå 9 700 legar dei siste tre åra. For denne undersøkende dokumentaren vann NRK Data-SKUP-prisen med grunngivinga at tema som rører ved tilliten til legestanden, ikkje blir granska så ofte, og at det er gjort ein god og intelligent analyse av ei svært stor mengd data. Brennpunktdokumentaren *Fengslet og forlatt* fekk «Helsepris 2018» med grunngivinga at han har skapt mykje debatt i media, kronikkar og leiarartiklar, og at torturkomiteén i FN, med bakgrunn i informasjon frå denne dokumentaren, har komme med ei ny utsegn om bruken av isolasjon i norske fengsel.

NRKs Forbrukerinspektørene FBI laga i 2018 ein reportasje om appar for barn som har blitt ein møteplass for overgripingar. Reportasjen blei følgt av fleire nettsaker. NRK Super og distriktskontora til NRK samarbeidde også for å synleggjere og bevisstgjere både barn og foreldre på denne problemstillinga. I samarbeid med NRK Skole er det også

laga ein serie kortvideoar som saman med hovudreportasjen frå *Forbrukerinspektørene FBI*, blir brukt aktivt i skoleundervisninga.

NRK har auka den journalistiske innsatsen i dekninga av

sportsnyheiter og viser til at blant tema som blei belyste i 2018, var inntektsforskjellen mellom menn og kvinner og bruken av astmamedisin og doping i toppidretten.

Den norsksomaliske Nora fortel opent om marerittet ho opplevde då ho blei ufrivillig etterlaten i Somalia.

Foto: NRK



NRK har gjort greie for korleis dei ulike redaksjonane systematisk jobbar på tvers for å auke både kvaliteten på den undersøkende journalistikken og talet på gravesaker. NRK har gitt fleire eksempel på program og nettsaker i 2018 der NRK har belyst og gitt innsikt i kritikkverdige forhold både på individ- og systemnivå. Medietilsynet vurderer på denne bakgrunnen at NRK i 2018 oppfylte kravet om å avdekke kritikkverdige forhold og bidra til å verne enkeltmenneske og grupper mot overgrep eller forsømmingar frå offentlege organ og institusjonar, private føretak eller andre.

2.5 Distrikt

Vedtektene

§ 20 - NRK skal reflektere det geografiske mangfoldet i Norge og ha et godt lokalt tilbud. NRK skal være tilstede i alle fylker.

§ 32 - NRK plikter å tilby innhold som er produsert i og utgangspunkt i, distriktene. NRK skal ha distriktssendinger alle hverdager.

§ 49 - NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- Et eget regionalt nyhets- og innholdstilbud

Krava om lokalisering som gjeld for NRK, handlar både om redaksjonell dekning av distrikta og at NRK skal vere til stades regionalt. I den nye NRK-plakaten blei det tatt inn ei presisering som gjeld frå 2018 om at NRK skal vere til stades i alle fylke. Presiseringa kom som følge av at familie- og kulturkomitéen ved behandlinga av Meld. St. 38 (2016–2017) *Open*

og *opplyst* understreka betydninga av at allmennkringkastarar dekker det geografiske mangfaldet i Noreg – både gjennom å ha eit distriktstilbud på radio, tv og nett og ved lokalt nærvær. Komitéen meinte at eit krav om nærvær i alle fylke burde bli inkludert i NRK-plakaten. Kulturdepartementet følgde opp dette forslaget i Meld. St. nr.

15 (2016–2017) *Eit moderne og framtidsretta NRK – Finansiering og innhaldsplikter*, men understreka samtidig at NRK framleis skal ha handlefridom til sjølv å bestemme korleis distriktskontora skal vere organiserte. Departementet presiserte at dette kravet ikkje kan forståast som at NRK for eksempel skal ha eit eige distriktskontor i kvart fylke. Familie- og kulturkomiteén gav i Innst. 332 S (2016–2017) uttrykk for at kravet må sikre at det ikkje blir utvikla geografiske blindsoner i den redaksjonelle dekninga i landsdelane.

I Meld. St. 17 (2018–2019) *Mangfald og armlengds avstand* foreslår regjeringa å utvide NRK-plakaten ytterlegare med eit krav om at NRK skal ha eit særskilt ansvar for å dekke geografiske (og tematiske) blindsoner. At NRK er gitt eit særleg ansvar for å dekke geografiske område med svak journalistisk dekning kjem, som departementet peiker på, til å styrke ansvaret NRK har for det lokale mediemangfaldet. Departementet understrekar at NRK må balansere dette ansvaret med det sjølvstendige ansvaret for å bidra til det norske mediemangfaldet regionalt og nasjonalt. I meldinga blir det brukt som eit eksempel at distriktskontora til NRK ikkje må definere seg som ein konkurrent til lokalavisene, men at NRK

lokalt skal bidra til å styrke det lokale mediemangfaldet og det samla tilbodet til publikum. Dette tydeleggjer at NRK som allmennkringkastar kan få eit særskilt ansvar for det lokale mediemangfaldet og det samla tilbodet til publikum i lokale marknader der det er svak eller inga redaksjonell dekning. Meldinga skal etter planen bli behandla i Stortinget før sommaren 2019.

I 2018 hadde NRK fast nærvær 46 ulike stader i landet og hadde 15 distriktskontor. NRK var med dette til stades i alle dei 18 fylka i Noreg i 2018. Distriktsdivisjonen til NRK produserer både nasjonale og lokale nyheiter til eigne sendingar og til nasjonale nyheitssendingar. NRK viser til at dei store og små redaksjonane rundt om i landet gjer at NRK har eit unikt nærvær i heile Noreg, noko som gjer det mogleg å spegle norsk verkelegheit. NRK ser det som ei viktig demokratioppgåve å løfte dei lokale historiene og dei viktige sakene frå regionane til eit større publikum.

Dei 15 distriktskontora har eigne radiosendingar og portalar på nett og mobil. Distriktsdivisjonen har hatt ein ambisjon om å produsere «færre for å gjere betre». I løpet av 2018 blei talet på produserte nettsaker halverte, og det blei jobba meir i djupna

Håvard Jenssen produserer minutt frå regisekken. Espen Kremer Prøsch bærer.

Foto: Thomas Hellum, NRK



med enkeltsaker. Ifølge NRK har dette ført til at stoffet blir lese av fleire, og til at lesarane bruker meir tid på kvar artikkel. Ifølge NRK aukar bruken av innhald frå distriktskontora, og i 2018 var det i snitt 2,1 millionar unike brukarar kvar veke mot 1,9 millionar i veka i 2017. 68 prosent av alle sakene som blei produserte av Distriktsdivisjonen i 2018, blei publiserte på framsida av nrk.no, noko som gjer sakene meir synlege og fører til at framsida i større grad speglar heile landet. Elleve av dei 15 distriktskontora har eigne tv-sendingar. I tillegg produserer distriktsdivisjonen program for dei riksdekkande tv- og radiokanalane innanfor programkategoriar som dokumentar, natur, vitenskap, barn, livssyn og Norge nå. Distriktskontora bidrog også med

eigne produksjonar i adventstida frå Ålesund og Lillehammer. Dei blei sende på NRK1.

Distriktssendingane i radio var på til saman seks timar alle kvardagar og blei sende i to sendeflater i NRK P1 klokka 06.00 til 09.00 og 14.00 til 17.00. På tv var distriktssendingane på til saman 18 minutt alle kvardagar og blei etter ei omlegging frå nyttår 2018 sende i tre sendeflater på NRK1 klokka 18.50 til 19.00, klokka 20.55 til 21.00 og klokka 22.55 til 23.00. I ei pressemelding frå NRK 1. mai 2019 orienterte NRK om den planlagde omlegginga frå 2020 for å nå breiare ut med distriktsnyheitene. Da skal distriktssendinga sendast rett etter *Dagsrevyen* på NRK1 i staden for rett før slik det er i dag.

NRKs prosjekt for å auke talet på gravesaker og kvalitet på undersøkinge journalistikk har ført til at det er oppretta journalistiske gravegrupper i ulike variantar over heile landet. I 2018 har distriktskontora bidratt til å belyse og løfte fleire saker som for eksempel at det er stor variasjon mellom kommunane når det gjeld erstatningsordningar i barnevernssaker, vald i skolen og sjølv mord i psykiatrien. Distriktsdivisjonen var også sentral i NRKs gjennomføring av den nasjonale dugnaden *Planet Plast* og *Hele Norge rydder*, der alle dei 15 distriktskontora hadde direktesending i starten av mai. Aktualitetsprogrammet Norge nå hadde plast som tema gjennom heile aksjonsveka. NRK Austlandssendinga gjennomførte

sommaren 2018 sendingar utandørs frå alle kommunane i området sitt. Da tok også fleire frå publikum kontakt med tips til saker som burde bli dekte på heimstaden deira. *Monsen minutt for minutt* følgde Lars Monsen og ei gruppe turgåarar i fire veker mens dei gjekk over Hardangervidda. Dette resulterte i til saman hundre timar direktesending tv, og i tillegg blei sosiale medium og NRK Super nytta for å nå ut til yngre målgrupper med innhaldet. Prosjektet var teknisk utfordrande, og det blei blant anna utvikla ein regi-sekk utstyrt med ein radiosendar som kunne bidra til formidling av bilde frå område utan dekning. Prosjektet kravde teknisk nyskaping og utvikling på tvers i heile NRK.

Medietilsynets vurdering er at NRK gjennom innhaldstilbodet sitt på ulike plattformer i 2018 reflekterer det geografiske mangfaldet i Noreg, og at NRK har eit godt lokalt tilbod som er produsert og tar utgangspunkt i distrikta. NRK oppfyller også kravet ved å vere til stades i alle dei 18 fylka i 2018 med 15 distriktskontor og fast nærvær på totalt 46 ulike stader i landet. NRK har distriktssendingar alle kvardagar og har eit løpande oppdatert regionalt nyheits- og innhaldstilbod på internett.

2.6 Barn og unge

Vedtektene

§ 22 NRK skal fremme barns rett til ytringsfrihet og informasjon, og skjerme barn mot skadelige former for innhold. NRK skal ha norskspråklige programmer for barn under 12 år, jevnlig norskspråklige programmer for unge, og jevnlig programmer for barn og unge på de samiske språkene.

§ 33 NRK skal ha daglige norskspråklige programmer for barn under 12 år.

§ 49 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- Egenutviklet innhold for barn og unge

2.6.1. Norskspråklege program for barn og unge

NRKs utgreiing for programtilbodet i 2018 viser at NRK legg stor vekt på å fremme retten barna har til ytringsfrihet og informasjon. Det blir gitt fleire eksempel på at NRK tar opp tema som er relevante

for målgruppa, både der barna får medverke sjølve, og der tema blir sette inn i ei forståeleg ramme. NRK Super lagar kvart år ei eiga temaveke som løftar opp og belyser tema det kan vere vanskelege å snakke om. Tema som NRK tidlegare har tatt opp, er opplevingar barn har knytte til skilsmisse, rus blant føresette

og overgrep. I 2018 valde NRK å belyse temaet psykisk helse basert på innsikt frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet om psykiske lidingar blant barn.

NRK viser til at målet med temadagane i 2018 var å lære barna å identifisere og forstå kjenslene sine og kva for behov kjenslene er uttrykk for. Denne kunnskapen gir barna betre føresetnader for å forstå seg sjølve og møte og meistre utfordringar i livet. For å belyse temaet psykisk helse snakka NRK Super med barn og ungdom – både dei som opplever å ha utfordringar, og dei som ikkje gjer det. NRK Super samarbeidde også med fleire eksterne organisasjonar og ekspertar på dette feltet, blant andre Raudekrossen og PIO-senteret/pårørendesenteret i Oslo. NRK Super produserte to korte dramaseriar til temadagane. *Pust* var basert på sanne historier frå

unge vaksne som hadde psykiske problem som barn, og serien med episodane *Trist*, *Redd* og *Sint* skulle lære barna om kjensler gjennom humor, live action og animasjon. Ulike redaksjonar produserte i tillegg liknande innhald, slik at tematikken var godt synleg på tv og radio, i NRK TV og i sosiale medium. Både *Fantorangen*, *Newton*, *Mánáid TV*, *Radio Super*, *Supernytt* og *FlippKlipp* tok opp temaet psykisk helse. I ei av temasendingane om psykisk helse i *Newton* snakka helsesøster Tale Maria Krohn Engvik om depresjon og sjølv-mord. Raudekrossen har utvikla eit undervisningsopplegg tilpassa 5.-7. trinnet som er basert på filmane til NRK Super om kjensler.

NRK har stadfesta overfor Medietilsynet at det er synleg aldersmerking av programma på tv gjennom heile programmet. I NRK/ NRK Supers VOD-tenester (NRK

Super TV, "Super-appen", NRK TV med fleire) går aldersmerkinga fram i tekst og symbol under det valde programmet. I «Super-appen» på nett og mobil er det mogeleg å skjule program som har tilrådd aldersgrense 6+ og 9+. Det er berre mogeleg å stenge for program som har ei aldersgrense, og NRK følger tilrådingane Medietilsynet har for aldersmerking.

NRK Super har daglege lineære sendingar frå klokka 06.30 til 19.30, og alt innhaldet ligg tilgjengeleg på nett i appen NRK Super. NRK opplyser at samisk innhald blir sendt alle kvardagar frå klokka 17.00 til 17.15. Resten av innhaldet er i all hovudsak norskspråkleg, og 26 prosent av innhaldet er på nynorsk. I 2018 var målgruppa for innhaldet på NRK Super barn i alderen to til tolv år. I 2018 blei det sendt 4 813 timar med innhald for barn på NRK Super. 55 prosent var

animasjon, 19 prosent var drama, 16 prosent var underhaldning, fire prosent var dokumentar og to prosent var undervisning. To prosent av innhaldet på NRK Super var samisk. Målet for NRK Super er å vere det sterkaste fellesskapet for alle barn i Noreg.

Supernytt er nyheitsprogrammet til NRK Super for barn i alderen åtte til tolv år. *Supernytt* publiserer daglege tv-sendingar og har daglege svar-o-meterspørsmål. *Svar-o-meter* er ein app for den same aldersgruppa der barn blir spurde om ulike aktuelle tema. NRK ønsker å bidra til at den oppveksande generasjonen ser verdien av å halde seg oppdatert om samfunnet rundt seg. *Supernytt* publiserer også på nrksuper.no, på Instagram og på YouTube.

NRK Supers haldningskampanje *BlimE!* har blitt ein årleg tradisjon. Målet er at barn og unge skal sjå

Frå serien *Sint* – ein dramaserie om kjensler.

Foto: Snorre Solfjeld, NRK



Freddy Kalas leiar an i *BlimE*-dansen i bakgarden til NRK.

Foto: Magnus Loennechen Skjelbek, NRK



Plastforureining blei sett på dagsorden av NRK Super i 2018.

Foto: Annette Riber, NRK



og inkludere kvarandre gjennom dans og slagord. I 2018 ønskte NRK Super å treffe breiare enn tidlegare, og i tillegg til skolebarna blei også barnehagebarna inviterte med i dansen. NRK samarbeidde med Redd Barna og lærarar om eit undervisningsopplegg for skolane som bestod av videoinnhald og diskusjonsgrunnlag med ulike vinklingar på temaet vennskap. Barn over heile landet deltok i kampanjen, og det blei også arrangert ein direktesend vennskapsfest i bakgården til NRK. NRK viser til at *BlimE*-kampanjen har fått ei betydning ut over den årlege fellesdansen, og kampanjen er blitt ein integrert del av arbeidet med sosiale relasjonar og antimobbing.

I 2018 sende NRK Super blant anna dramaserien *ZombieLars*, som handla om framandfrykt og det å våge å vere seg sjølv. Nettdramaserien *Lik meg* tematiserte korleis usynleg mobbing kan skje, og viste for eksempel utestenging både frå ståstaden til offeret og den som stenger ute. Redaksjonen til NRK Super fekk gjennom samtalar med målgruppa innsikt i korleis jenter i tolvårsalderen opplever utestenging og det å ikkje bli valt. NRK har både nådd jenter i målgruppa og lærarar som bruker serien i undervisninga. Programkonseptet *Labyrint* utfordrar barn til å gjennomføre

ulike oppgåver for å komme seg ut av labyrinten, og er i dei siste åra blitt utvikla for å bli meir interaktivt og i enda større grad inspirere til leik.

Newton handlar om ulike populærvitskaplege tema og blei i 2018 sendt både på NRK Super og NRK1. Programmet har YouTube som primær publiseringskanal, og talet på abonnentar nærmar seg 60 000. *Newton* har også deltatt i eit prøveprosjekt med «snapshots» som skal gi enda kjappare historieforteljing. NRK viser til at *Newton* har ei stor tematisk breidde. I 2018 har det både vore overnatting på Ikea for å tematisere stadsans og mørkereddel og reise til Filippinane for å belyse korleis klimaendringane påverkar menneske i sårbare område. I *Planetpatruljens plastspesial*, musikkvideoen *Plast i havet*, animasjonsseriane *Fakta plast i havet* og *Redd hvalen* løfta NRK Super temaet plastforureining. *Supernytt* hadde også ei eiga sending *Supernytt Plastspesial: Om plast og forsøpling*, *Newton* laga musikkvideoen *Disstrack* og det var egne innslag om temaet i barne-tv.

NRK opplyser at norske barn og unge strøymmer video meir enn noka anna målgruppe, og at publiseringa av innhaldet blir tilpassa for å nå dei riktige målgruppene. *Min venn Marlon* blei

laga både for radio og lineær tv og kan også strøymast i NRK Super på nett og mobil. 2017 var det første året barna brukte meir tid på strøymetenesta til NRK Super enn på NRK Super på lineær tv.

Gjennom kanalane NRK P3, NRK mp3 og sosiale medium tilbyr P3Nyheter nyheiter til unge. I 2018 har NRK også ei ny satsing med N17 for å nå unge med nyheiter.

NRK behandla også temaet psykisk helse i format retta mot dei unge, blant anna i dokumentarserien *Jeg mot meg*. Serien følgde unge menneske i gruppeterapi med psykolog Peder Kjøs, i tillegg til at deltakarane fortalde historia si gjennom eigne heimekamera. Målet med serien var å gi deltakarane og dei som ser på, mot til å snakke ope med andre om psykisk helse, gi dei innsikt i eigen

situasjon og vise at terapi ikkje er farleg eller mystisk. NRK viser til at prosjektet er etisk utfordrande og at serien har skapt debatt – også i Kringkastingsrådet. NRK meiner at openheit om psykisk helse er viktig, og at alternativet med «ikkje-openheit» skaper større utfordringar. I 2018 sendte NRK dramaseriane *Lovleg* og *Blank*, som handlar om det å vere ung vidaregåande-elev i distriktet og om ungdommar som har fullført vidaregåande skole og skal starte på vaksenlivet. NRK sendte også serien *17*, som handlar om norsk-somaliske ungdommar på austkanten i Oslo.

Ny norsk musikk for unge blei formidla i NRK P3 og NRK mP3. Gjennom NRK P3s *Urørt* kan usignerte norske band laste opp musikken slik at publikum kan strøyme låtane.

Medietilsynet vurderer at NRK oppfyller krava knytte til å fremme retten barna har til ytringsfridom og informasjon, og å skjerme barn mot skadelege former for innhald. NRK oppfyller også kravet om å ha daglege norskspråklege program for barn under tolv år. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK oppfyller kravet om å ha jamlege norskspråklege program for unge. NRK oppfyller også kravet til å ha eit eigenutvikla innhald for barn og unge på internett som blir løpande oppdatert.

Figuren Binnabánnas for samiske småbarn blei fleirspråkleg i 2018.

Foto: NRK



2.6.2. Program for barn på dei samiske språka

I kravet om at NRK skal ha jamlege program for barn og unge på samisk, blei det i den nye NRK-plakaten frå 2018 presisert at programma skal vere på dei samiske språka. Dette var for å tydeleggjere at kravet omfattar alle dei tre samiske språka. Serien om figuren Binnabánnas blei fleirspråkleg i 2018. Dette er ein serie for dei aller yngste i NRK *Mánáid-TV*, og der språkutviklinga til barna står sentralt. Originalspråket er nordsamisk, og NRK har fått hjelp av SVT og YLE til å gjere innhaldet tilgjengeleg på sør-, lule-, enare- og austsamisk. NRK Super sende barneprogram på samisk måndag til fredag frå klokka 17.00 til 17.15. *Mánáid-TV* blei også sendt på laurdagar og søndagar. I tillegg ligg alt innhald på samisk

til barn tilgjengeleg i nettspelaren på nrksuper.no. NRK sende også dokumentarserien *ieZár*, som viste ulike «selfie-reportasjar» der vi blei kjende med kvardagen til samiske barn mellom sju og tolv år. NRK Sápmi samarbeidde også med NRK Super under temaveka om psykisk helse, der produksjonar frå NRK Super blei versjonerte og teksta til nordsamisk. I tillegg har NRK Sápmi versjonert animasjonsserien *Kroppen min eier jeg* til sør-, lule- og nordsamisk. Formålet er å førebygge seksuell misbruk av barn i det samiske samfunnet. I dette prosjektet samarbeidde NRK Sápmi med Redd Barna.

Ifølge NRK er det ei utfordring å nå barn over ti år, spesielt gutar. NRK Sápmi har derfor utvikla programkonseptet *Imas* om mysterium, som blei produsert på slutten av 2018 og sendt i 2019.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 oppfyller kravet til jamlege program for barn på dei samiske språka.

2.6.2. Program for unge på dei samiske språka

Når det gjeld kravet om jamlege program for unge på dei samiske språka, konkluderte Medietilsynet i Allmennkringkastingsrapporten for 2017 med at NRK for andre år på rad braut dette kravet. NRK hadde verken i 2016 eller 2017 eigne program retta mot aldersgruppa som normalt blir definert som ungdom, det vil seie frå 13 til 19 år. Begge åra sende NRK talkshowet *Studio Sápmi*, som ifølge NRK var retta mot eldre unge og unge vaksne. NRK hadde også nettilbodet *Nufal* med same målgruppe.

Formålet med å stille krav om eigne program spesielt retta mot unge på dei samiske språka, er at sendingane skal tilby ein arena dedikert til tema ungdom er opptatt av, og at programma skal bidra til å reflektere ungdomsidentitetar. Det er derfor ikkje tilstrekkeleg for å innfri kravet at NRK i det generelle programtilbodet sitt på dei samiske språka tar opp tema som er retta mot ungdom. Medietilsynet har i tidlegare allmennkringkastingsrapportar presisert at ein med «unge» meiner aldersgruppa 13 til 19 år. *Studio Sápmi* var ifølge NRK retta mot ei målgruppe som inkluderer unge vaksne opp til

29 år. Ei slik brei målgruppe-innretning femner ei attraktiv gruppe som kringkastarane tradisjonelt lagar mange program for og grupper som er i svært ulike fasar i livet. Medietilsynet har også presisert at det å definere målgruppa for vidt aldersmessig undergrev formålet med føresegna, som er å sikre at det blir programsett eit eige tilbod for målgruppa ungdom.

I oktober 2018 lanserte NRK radioprogrammet *Ihán*, som ifølge NRK er ei underholdande aktualitetssending retta mot samisk ungdom. Programmet blir sendt dagleg i NRK Sápmi frå klokka 12.30 til 15.00. Fram til desember 2018 blei det sendt 60 program. I perioden 25. juni til 17. august sende NRK også radioprogrammet *Beaivesatta* for ungdom på kvardagar. Dette var eit prøveprosjekt før etableringa av det faste radioprogrammet *Ihán*. I samband med nasjonaldagen for samane 6. februar sende NRK Sápmi den samiske versjonen av *Urørt*, som blei kalla *Urbi*. I forkant av tv-sendinga der vinnaren blei kåra, kunne ungdom stemme fram den beste artisten, og det blei publisert artiklar, musikkinnslag og historier på NRK.no, sosiale medium og radio. Ifølge NRK er *Studio Sápmi* ei av få viktige scener for ny og ung samisk musikk. I november strøymde NRK Sapmi for første gong e-sportsendinga

Studio Sápmi er utvida frå 13 til 18 nett- og tv-sendingar.

Foto: NRK



SameLAN v3 frå Kautokeino direkte, der samisk ungdom frå heile landet var samla og målgruppa i hovudsak var samiske gitar i alderen 15 til 17 år.

På førespurnad frå Medietilsynet har NRK gitt ytterlegare opplysningar om tilbodet til dei unge på samisk. NRK har i e-post av 31. mai 2019 opplyst at NRK Sápmi i 2018 har hatt eit jamleg tilbod på Instagram med innhald retta mot unge, og frå november eit jamleg tilbod til unge på YouTube-kanalen til NRK Sápmi. NRK Sápmi har sendt fem episodar av humorprogrammet *Johnny Bloghole* på NRK.no/Sápmi og YouTube. Programmet er på samisk, og målgruppa er 15- til 25-åringar. I e-posten presiserer NRK at podkasten *Manin Danin*, som NRK skriv er retta mot unge

vaksne, også har målgruppa 15 til 25 år. Denne podkasten blei publisert kvar veke frå 31. januar til 6. mars 2018. NRK opplyser også at serien *#Samish* hadde målgruppa 15 til 25 år. Serien handla ifølge NRK om kjærleik, identitet og språk, og blei sendt på NRK.no/Sápmi, Facebook og Instagram. Fem program blei sende i perioden januar-februar og sju program i perioden juli-august.

NRK opplyser at NRK Sápmi har dreidd merksemda mot digitalt innhald for å nå ut til unge samar. Dei nye radioprogramma for ungdom har ifølge NRK fått positiv respons frå eit ungt publikum. NRK viser likevel til at dei lineære plattformene ikkje trekker til seg ungdommen i like stor grad som dei digitale plattformene der ungdommen kan velje sjølv.

NRK meiner derfor at det nye radioprogrammet *Ihán* må utviklast mot plattformer der det unge publikummet er.

I Allmennkringkastingsrapporten for 2017 var Medietilsynet positivt til at NRK Sápmi hadde sett i verk tiltak for å styrke tilbudet til unge. Det var grunn til å forvente at disse tiltaka kom til å føre til jamlege program for unge på samisk i 2018. Medietilsynet ser positivt på at NRK kort tid etter framlegginga av tilsynets vurdering for 2017 kom i gang med program for ungdom på samisk, og at desse programma blei sende jamleg andre halvår 2018. I perioden frå januar og fram til utgangen av juni sende NRK berre programmet *Urbi*. Programmet blei sendt i samband med nasjonaldagen til

samane i februar. Med berre eitt program i løpet av første halvår, må Medietilsynet derfor konstatere at programtilbodet ikkje har hatt ei tilstrekkeleg spreiding gjennom året til at NRK oppfyller kravet om å ha jamlege program for unge på dei samiske språka i 2018.

Medietilsynet har merka seg at NRK opplyser om nokre nye program i tilleggsopplysningane om tilbudet til unge på samisk, og at NRK her opererer med ei ny, vid målgruppe frå 15 til 25 år. Medietilsynet held fast ved at det å definere målgruppa aldersmessig for vidt ikkje er egna til å oppfylle formålet med eit eige programtilbod for denne gruppa. Unge menneske som går på ungdomsskole og vidaregåande skole, vil naturleg ha heilt andre behov og interesser

enn unge vaksne i studie- eller etableringsfasen av livet. Det er lang tilsynspraksis på dette feltet som fastset aldersgruppa 13 til 19 år som den aktuelle målgruppa som kravet om eigne program til unge skal ta vare på. TV 2 har til dømes i sin nye avtale om å levere eit allmennkringkastingstilbod også eit krav om eigne program for unge. Avtalen definerer målgruppa som TV 2 er forplikta til å programsette for, som ungdom frå 13 til 19 år.

I allmennkringkastaroppdraget til NRK er programomgrepet brukt i tilknytning til ei rekke krav om eit bestemt innholdstilbod, og

kanskje særleg i samband med krav om dedikerte innholdstilbod til bestemte målgrupper. Kravet om eigne program gjeld også for innhaldet NRK skal tilby til unge på dei samiske språka, og NRK skal publisere eit jamleg tilbod. Medietilsynet meiner det er viktig at NRK også er til stades på digitale plattformer med relevant innhald for unge på samisk for å sikre at tilbudet når ut til målgruppa på dei plattformene dei nyttar seg av. NRK må derfor etter Medietilsynets vurdering også kunne oppfylle kravet gjennom strøymetenester som podkast, så fram det er ei jamleg publisering av nytt programinnhald gjennom året.

Medietilsynet har på denne bakgrunnen komme til at NRK heller ikkje i 2018 oppfyller kravet om å sende jamlege program for unge på dei samiske språka. Tiltaka som NRK har sette i verk, har likevel ført til at NRK sende jamlege program for unge på samisk frå andre halvår, og med daglege program kjem tilboda i denne perioden hyppigare enn kravet om jamlege program føreset. Dersom dette programtilbodet hadde komme på plass i løpet av første halvåret av 2018, ville NRK ha oppfylt kravet om jamlege program for unge på dei samiske språka i 2018.

NRK Sápmi har dreia merksemda mot digitalt innhald for unge. Cecilie Gjennestad lagar nettserien *#Samish*, der ho deler tankar om det å vere samisk.

Foto: NRK



2.7 Samisk språk, identitet og kultur

Vedtektene

§ 16 - NRK skal styrke det norske og de samiske språkene, og styrke norsk og samisk identitet og kultur. (...). NRK skal ha daglige sendinger for den samiske befolkning.

Kravet om at NRK skal bidra til å styrke dei samiske språka og samisk identitet og kultur, er presisert slik at det tydeleggjer at NRK skal tilby innhald på alle dei tre samiske språka. NRK viser til at verksemda tilbyr eit dagleg medietilbod til den samiske befolkninga og bidrar til å synleggjere det samiske samfunnet og kulturen for alle i Noreg. NRK Sápmi har som mål å bidra til at heile den samiske befolkninga får tilstrekkeleg informasjon til å vere aktivt med i det samiske samfunnet, og å vere ein fellesarena for alle samar, uavhengig av om dei forstår og snakkar samisk. NRK viser til at

oppdraget i aukande grad blir løyst gjennom fleirspråkleg innhald og publisering. NRK Sápmi publiserer på dei tre samiske språka nord-, sør- og lulesamisk og på norsk.

I 2018 sende NRK Sápmi eit dagleg radiotilbod med nyheiter og aktualitetar morgon og ettermiddag. Morgonsendinga *Buorri Idit Sápmi* er eit samarbeid mellom NRK Sápmi, SR Sameradioen og YLE Sápmi og blir sendt alle kvardagar frå klokka 07.00 til 09.00 på DAB-kanalen NRK Sápmi. Radiokanalen tilbyr også nyheitsoppdateringar kvar heile og halve time på nordsamisk. NRK Sápmi produserer vidare fem

daglege nyheitsoppdateringar for smarthøgtalar. Tre av dei er på nordsamisk, éin på lulesamisk og éin på sørsamisk. *Veaigesátta* er eit dagleg fordjupande programtilbod med intervju og reportasjar om dagsaktuelle saker om samisk kultur, språk og samfunnsliv. NRK Sápmis radiotilbod er tilgjengeleg på NRK Radio.

På NRK1 sende NRK Sápmi nyheitssendinga *Oddasat* alle kvardagar. Denne sendinga blir også produsert i samarbeid med SVT Sápmi og YLE Sápmi. Programmet har tidlegare berre vore på nordsamisk, men i 2018 har NRK Sápmi også hatt sørsamiske programleiarar, noko NRK har fått både positive og negative reaksjonar på. NRK viser til at programmet har hatt ei forholdsvis stabil sjårøppslutning. At gjennomsnittsalderen i 2018 var på 61 år understrekar etter NRKs vurdering behovet for å satse på andre plattformer for å nå ut til yngre målgrupper. NRK Sápmis nyheiter for tv er tilgjengeleg på NRK TV.

NRK Sápmi produserer nyheiter, kultur, underhaldning og innhald for barn på samisk og norsk til nett, mobil, radio og tv. Ifølgje NRK er bruken av innhaldet til NRK Sápmi på nett stabilt, men det har vore ein auke på mobil. I 2018 besøkte fleire unike brukarar NRK Sápmi på mobil enn på nett.

I 2018 lanserte NRK nettserien *#Samish*, som retta søkelyset mot samisk identitet, språk og modernitet. *#Samish* er ifølgje NRK blant det innhaldet frå NRK Sápmi som er mest diskutert på sosiale medium i 2018. Det er sendt 13 episodar fram til no. NRK Sápmi har også produsert podkastar retta mot unge vaksne på nordsamisk, som *Manin Danin*, som blei publisert kvar veke frå 31. januar til 6. mars. Andre podkastar var *Gáfestallan Lisain* og *Eallima mohkit*.

2018 har ifølgje NRK også vore eit år der ny og tradisjonell samisk musikk har møtt eit større samisk og nasjonalt publikum ved at *NRK Urbi* og *Studio Sápmi* er etablerte som springbrett for nye samiske artistar. *Studio Sápmi* blei i 2018 utvida frå 13 til 18 nett- og tv-sendingar, og dei blei også sende på SVT2 på laurdagar. Målgruppa for programmet er unge vaksne i alderen 20 til 29 år. NRK viser til at dette kulturprogrammet er ei av få viktige scener for ny og ung samisk musikk, og at programmet også genererer mykje innhald til framsida nrk.no/sapmi.

I 2018 vann samiske Ella Marie Hætta *Stjernekamp*, og joik er ein av musikkjangrane deltakarane konkurrerer i. Artisten hadde allereie vunne Samisk Grand Prix og NRK Urbi med bandet sitt ISÁK. I november 2018 sende NRK1 andre sesong av underhaldningsserien

Frå finalen i Stjernekamp.

Foto: Julia Marie Naglestad, NRK



NRK Sápmi fortalde historia om Agnete som skjulte sin samiske identitet heile sitt vaksne liv.

Foto: Eilif Aslaksen, NRK



Mutte mu – Husk meg, der seks kjende norske artistar lærte å joike og laga ein joik til ein dei hadde kjær. Eitt av måla for NRK er å løfte samisk til eit nasjonalt nivå og synleggjere samisk kultur for eit breitt publikum. NRK viser også til at det å allmenngjere joik som tradisjonelt musikalsk uttrykk har skapt debatt.

I 2018 har NRK Sápmi styrkt nyheits- og aktualitetstilbodet på nett og mobil med løpande nyheiter og auka merksemd mot nasjonale samiske saker som har relevans langt utover lokalsamfunnet dei har utgangspunktet sitt i. NRK Sápmi har ein tredelt strategi: meir fleirspråkleg innhald, meir innhald mot yngre målgrupper og større saker og historier som i større grad angår alle samar og befolkninga elles.


NRK Sápmi sette temaet seksuelle overgrep og valdtekt i det samiske samfunnet på den samiske og nasjonale dagsordenen i 2018 og prioriterte ressursar frå alle redaksjonar til kritisk journalistikk og innhald rundt temaet. Alle plattformer for nyheits- og reportasjejournalistikk (nett, tv, radio), musikk (Mihákonserteren), underhaldning/talkshow (*Studio Sápmi*), radiodebatt (*Veaigesátta*) og NRK Sápmis barneinnhald blei nytta til å publisere saker om temaet. NRK Sápmi hadde som ambisjon å bryte tausheita og utfordre tabua rundt temaet, og viser til at 50 prosent av samiske kvinner opplever vald eller overgrep i løpet av livet sitt. Fleire av sakene som blei produserte i 2018, er blant dei mest lesne på NRK Sápmi.

NRK Sápmi har også laga saker i samband med at det er oppretta ein sannings- og forsoningskomisjon som skal legge eit grunnlag for å anerkjenne erfaringane til samane og kvenane/norskfinnane i møte med politikken til norske myndigheiter.

Kommisjonen skal komme med rapporten sin hausten 2022. Saka om 96 år gamle Agnete Nikoline Margrete Hansen Lorås som heile det vaksne livet sitt skjulte den samiske identiteten sin, er blant dei fem mest lesne sakene frå NRK Sápmi i 2018.

Medietilsynets vurdering er at NRK i 2018 gjennom tilbudet sitt på radio, tv, nett og mobil oppfyller krava til å styrke dei samiske språka og til å styrke samisk identitet og kultur. NRK har i 2018 sendt innhald på både nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk. NRK oppfyller også kravet om å ha daglege sendingar for den samiske befolkninga.


2.7.1. Programstatistikk NRK Sápmi



TV-tilbud

Programkategori	Timer	Prosent
Barn og undgom	113	40,4%
Fakta	1	0,4%
Kultur	11	3,9%
Nyheiter	151	53,9%
Underholdning	4	1,4%
Totalt	280	100,0%

Kilde: NRK Statistikk



Radiotilbud

Programkategori	Timer	Prosent
Nyheiter på samisk	97	1,1%
Aktualitetar	3 733	42,4%
Barn og ungdom	304	3,5%
Religion	91	1,0%
Kultur, underholdning	14	0,2%
Kultur, underholdning på samisk	21	0,2%
Musikk	4 545	51,6%
Totalt	8 805	100,0%

Kilde: NRK Statistikk

2.8 Norsk språk, identitet og kultur og det kulturelle, språklege og religiøse mangfaldet

Vedtektene

§ 16 - NRK skal styrke det norske og de samiske språkene, og styrke norsk og samisk identitet og kultur. En stor andel av tilbudet skal ha norsk forankring og speile det kulturelle mangfoldet i befolkningen. NRK skal ha programmer for nasjonale og språklige minoriteter. NRK skal formidle innhold fra Norden og bidra med kunnskap om nordiske samfunnsforhold, kultur og språk.

§ 31 - NRK skal formidle kunnskap om ulike grupper og om mangfoldet i det norske samfunnet. NRK skal skape arenaer for debatt og informasjon om Norge som et flerkulturelt samfunn.

§ 18 - NRK skal gjenspeile Norges religiøse arv og mangfold av livssyn og religion i det norske samfunnet.

2.8.1. Norsk språk, identitet og kultur

NRK har ein omfattande eigenproduksjon på radio, tv, nett og mobil med stor variasjon av tema og sjangrar. Vurderinga av korleis NRK oppfyller kravet om å styrke norsk språk, identitet

og kultur, bygger på ei samla vurdering av korleis NRK oppfyller fleire av dei spesifikke krava til innhaldstilbodet.

NRK viser til at verksemda har som mål å samle og engasjere alle som bur i Noreg, og at alle skal kunne kjenne seg igjen i noko frå NRK. I

I arkivet er utvalde saker frå Dagsrevy-historia frå 60, 70, 80 og 90talet plukka fram og lagde ut saman med opplysningar om innhaldet i samband med 60årsjubileet.

Foto: NRK



desember 2018 feira *Dagsrevyen* 60 år, og NRK markerte jubileet med ei stor sending på NRK1 med tilbakeblikk på nokre av dei største nyheitshendingane frå 1958 og fram til i dag. NRK viser til at historiene om Noreg endrar seg, og til at det er andre menneske og andre historier i nyheitsbildet i dag enn for 50 år sidan.

Den breie lokale forankringa i distriktsdekninga og tilbodet til

ulike minoritetsgrupper bidrar til å spegle ulike sider av norsk verkelegheit og eit mangfald av identitetar i det norske samfunnet. NRK har eit tilbod til ulike aldersgrupper og har blant anna eigne nyheitstilbod for barn og for unge. NRK har eit breitt og variert kulturtilbod og oppfyller dei ulike krava knytte til formidling av norsk musikk, norsk drama og ein variasjon av norske kulturuttrykk.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 oppfyller det overordna kravet til å styrke norsk språk, identitet og kultur. Medietilsynets vurdering er at ein stor del av programtilbodet til NRK har norsk forankring og speglar det kulturelle mangfaldet i befolkninga.

3.8.2. Nasjonale og språklege minoriteter

Forplikingane NRK har overfor nasjonale og språklege minoritetar omfattar eit krav om at NRK skal tilby program for desse gruppene. Vidare skal NRK formidle kunnskap om ulike minoritetsgrupper og om mangfaldet i det norske samfunnet. Nasjonale minoritetar er verna av Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar. Dei nasjonale minoritetane omfattar grupper som har langvarig tilknytning til eit land. I Noreg er dette kvenar/ norskfinnar, jødar, skogfinnar, rom og romanifolk.

NRK viser til at det å synleggjere det fleirkulturelle mangfaldet blir gjort som ein naturleg del av innhaldstilbodet NRK publiserer og gjennom eit variert val av tematikk, musikk, kjeldebruk, djupneintervju med målgrupper, brei casting og variasjon i programleiarar. Målet er at alle skal kunne identifisere seg med nokon frå sin eigen kvardag. NRK har også eit mål om å spegle nasjonale minoritetar i det daglege innhaldstilbodet, særleg i magasin og nyheitssendingar. NRK har løfta fram historiene til enkeltmenneske eller historiske perspektiv i dokumentarar og lengre magasinprogram.

NRK har laga nettsida nrk.no/kvensk/kvaäni som har innhald for

og om den kvenske minoriteten. I 2017 la NRK om tilbodet til den kvenske/norsk-finske minoriteten og erstatta det regionale radioprogrammet på finsk som blei sendt kvar veke i NRK P2 i Nordland, Troms og Finnmark med eit digitalt tilbod. På nettsida kan brukarane lese, høyre og sjå kvensk/norsk-finsk tale og bli oppdaterte på kva som rører seg i det kvenske/norsk-finske miljøet i Noreg. Målet med det nye tilbodet er ifølge NRK å bidra til stoltheit og fellesskapskjensle for denne minoritetsgruppa som har vore utsett for sterk fornorsking. NRK Kvääni hadde totalt 132 000 sidevisingar i perioden frå 1. januar til 2. desember 2018, og 29 av sakene hadde fleire enn 1 000 visingar. NRK opplyser at om lag kvar tredje lesar oppheld seg i Oslo, og deretter er Troms og Finnmark dei fylka dei fleste lesarane kjem frå. Redaksjonen jobbar ifølge NRK med å tilby fleire lyd-/taleopptak.

Det kvenske språket er utryddingstrua, og NRK har hatt utfordringar med å finne journalistar som beherskar språket godt. NRK publiserer både på kvensk og på norsk på nettsida. NRK Kvääni hadde i 2018 ein journalist i halv stilling med finsk bakgrunn og ein journalist som på eige initiativ har begynt å lære seg kvensk. NRK har nytta ekstern omsetjingshjelp for å sikre at

«Å tenne bål», «fyrstikker» og «ved» er nokre av orda ein etter kvart kan lære på Kven-sida til NRK. Her frå opptaka der to av gutane som får kvenskundervisning på skolen i Manddalen i Kåfjord, deltar.

Foto Laila Lanes, NRK



artiklane er på korrekt kvensk.

I 2018 utvikla NRK Kvääni nye korte videoar retta mot barn og ungdom, og målet er å bidra til at fleire lærer kvensk og motivere til at fleire tar kvensk i bruk i kvardagen. Det blir også arbeid kontinuerleg med å formidle arkivmaterialet til NRK og andre om norske kvenar. På tv sende NRK serien *Kvenske historier*, der kvardagslivet til kvenar i ulike nordnorske bygder og byar blir portrettert. Det daglege direktesende magasinet *Norge nå* sende direkte frå Ruija Kvenmuseum i Vadsø 15. april der temaet var korleis det er å vere kven i 2018. Programmet handla om historia til kvenane i Noreg, om språket og kulturen. Lars Monsen og turfølget hans var i *Monsen minutt for minutt* innom Tretriksøysa, der dei møtte kvenar som fortalde om korleis det er å vere kvensk i dag.

I 2018 tok NRK opp tema om skogfinnane i radioreportasjar, særleg lokalt i Hedmark og Oppland, men også i andre nasjonale sendingar og magasin. Skogfinnane er etterkommarar etter finske innvandrarar som busette seg i område med barskog i områda rundt Finnskogen. I 2018 hadde også serien *Der ingen skulle tru at nokon kunne bu* ein episode om skogfinnen Jan Storberget. Han bur i Finnskogen og er ein viktige berar av den skogfinske tradisjonen. Radioprogrammet *Ekko* portretterte Merete Fureberget som er etterkommar av skogfinnar. NRK viser til at musikkprofilen i innhaldstilbodet til NRK omfamnar mykje av tradisjonsmusikken til minoritetsgruppene, og at dette særleg gjeld sigøynarmusikk. I radioprogrammet *Spillerom* fekk publikum møte det verdskjende sigøynarorkesteret Taraf dei



Haldouks. NRK sende også reprise av den norske dokumentaren *Jenter til salgs*, som skildrar livet for romfolk i Bulgaria, og dokumentarserien *Stacey Dooley – barn i fare*, som blant anna skildra korleis Ungarn har fleire rom-barn i institusjonar enn noko anna europeisk land. I NRK P2-programmet *Røverradioen* deltar blant andre Alex Karoli som sjølv er rom. Han fortel om rom-miljøet, om hemnkultur og årsaker til kriminalitet i dette miljøet. *Spillerom* og NRK P2s *Kulturreportasje* har også formidla innhald om taterkulturen. I 2018 hadde *Verdibørsen* fleire innslag om jødar og jødiske tradisjonar. *Sommer i P2* møtte skodespelaren Tor Itai Keilen, som fortalde om korleis han blei bevisst den jødiske identiteten sin under oppveksten. NRK 2 sende dokumentaren *Harry Schein – den utrulege historia*, som handlar om flukta til ein ung jødisk gut frå Austerrike til Sverige.

Medietilsynet har i fleire tidlegare allmennkringkastingsrapportar framheva at dersom eigne program skal fungere som eit verkemiddel til å representere og synleggjere minoritetar i innhaldstilbodet til NRK, må programomfanget vere på eit visst nivå. Kravet til eigne program er vidareført i den nye NRK-plakaten og er etter Medietilsynets vurdering formålstenleg, spesielt for å verne minoritetsspråk.

NRK bidrar til å skape fleire arenaer for informasjon og debatt gjennom programtilbodet innanfor fleire ulike sjangrar og ved å ha ein strategi for å synleggjere Noreg som eit fleirkulturelt samfunn. Med dramaserien *17* ønskte NRK å auke kunnskapen om kulturhabilitering, løfte Groruddalen og sørge for at fleire fleirkulturelle gitarar opplever at dei blir sette. NRK ønskte også å nyansere både synet nordmenn har på somaliarar og synet somaliarane har på nordmenn, og skape engasjement rundt det ansvaret norske myndigheiter har i heimsendingssaker. I prosessen med å lage denne dramaserien inviterte NRK med seg målgruppa i alle ledd, frå idéstadiet til publisering, og gjorde djupneintervju med unge norsk-somaliske gitarar. Gjennom intervjuet kom det ifølge NRK fram at fleire skamma seg og syntest det var vanskeleg å seie med stoltheit kven dei var, kor dei kom frå og kva dei stod for. Eitt av måla for dramaskaparane var å gjere norsk-somaliske 17-åringar stolte av å vere somaliske, norske og muslimske og få fram at det ikkje er nødvendig å velje mellom å vere norsk eller somaliar. I 2018 sende NRK også serien *Vita & Wanda*, som handla om å vere ung og fleirkulturell i Noreg. Andre program var serien *Minoriteens* som handla om å vere ung og fleirkulturell i Oslo, podkasten

Serien *Vita & Wanda* handlar om å vere ung og fleirkulturell i Noreg.

Foto: Astrid Walle, NRK

Andregenerasjon frå NRK P3 og NRK Super-serien *Rot* som handla om ein fleirkulturell familie.


NRK slår fast at det er eit mål å spegle befolkninga både i innhald og i organisasjon. NRK har ein mangfaldsplan for organisasjonen, der målet er at minst éin av tre fast tilsette i skal ha fleirkulturell kompetanse. NRK definerer fleirkulturell kompetanse som språk, nettverk og perspektiv frå innvandrargrupper eller andre kulturelle minoritetar. Rekrutteringsprosjektet NRK

FleRe har same formål, og NRK tok opp seks nye stipendiatar hausten 2018. 64 stipendiatar med slik fleirkulturell kompetanse har fullført programmet sidan 2008, og rundt halvparten jobbar i dag i NRK. NRK starta eit nytt rekrutteringstiltak i 2018 med «internship-program» for økonomi-strategi og it-studentar med fleirkulturell kompetanse. Tiltaket blir ført vidare i 2019. I 2018 gjennomførte NRK eit arbeidsseminar i mangfaldsleiing som også er integrert i andre leiingsprogram i NRK.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 oppfyller kravet om å ha program for nasjonale og språklege minoritetar. Vidare oppfyller NRK krava om å formidle kunnskap om ulike grupper, om mangfaldet i det norske samfunnet og om å skape arenaer for debatt og informasjon om Noreg som eit fleirkulturelt samfunn. Tilsynet vurderer at NRKs generelle innhaldsstrategi på ein god måte bidrar til å synleggjere og informere om at Noreg er eit samfunn med eit mangfald av identitetar.

Nordvisjonssamarbeidet sørger for utveksling av minst tolv nordiske dramaserier i året. *Springflo* er ein svensk krimserie i ti delar.

Foto: NRK



2.8.3. Nordiske samfunnsforhold, kultur og språk

I 2018 sende tv-kanalane til NRK totalt 2 782 timar med nordisk innhald, og NRK1 publiserte så mange som 1 284 av desse timane. Drama er den største kategorien, men tilbodet til NRK omfattar også nordiske program innanfor kunst og kultur, vitskap, dokumentar, sport, nyheiter og underhaldning. Eitt av dei strategiske måla til NRK er å auke satsinga på nordisk drama. Dei nordiske allmennkringkastarane har gjennom avtalen «Nordic twelve» styrkt samarbeidet om drama og forplikta seg til å samprodusere totalt tolv store dramaseriar kvart år. Kvar serie skal vere tilgjengeleg for heile det nordiske publikummet i eitt år frå premieredatoen. I 2018 resulterte det nordiske samarbeidet i 511 dramaepisodar eller 410 timar med nordisk

dramainnhald. Eit eksempel er *Springflo*, ein svensk krimserie i ti delar.

NRK viser til at Nordvisjon – som er eit samarbeid mellom dei nordiske allmennkringkastarane om samproduksjonar, utveksling av program, utvikling av format og deling av kunnskap – bidrar til å styrke nordisk språk og kultur. Samarbeidet genererer årleg over 4 500 program.

NRK1 sende totalt 1 246 timar med innhald frå Norden, NRK2 sende 758 timar førstegongssendingar og NRK3/NRK Super sende 502 timar førstegongssendingar. Tala er medrekna reprisar. Drama er ifølge NRK den største innhaldskategorien i det nordiske innhaldet som blei sendt i 2018, men NRK tilbyr også nordiske program innanfor kunst, kultur, vitskap, dokumentar, sport, nyheiter og underhaldning. I tillegg

publiserte NRK fleire nordiske synstolka seriar: *Herrens Veje*, *Mitt i naturen*, *Trädgårdstider* (sesong 3), *Djursjukhuset* (sesong 19), *Sorans krig*, *Bonusfamiljen* (sesong 2), *Ditte och Louise* (sesong 2), *Fröken Frimans Krig* (sesong 4), *Liberty*, *Broen* (sesong 3 og 4), påskekrim: *Den døende detektiven*, *Historien om Danmark*, *Vår tid är nu* (sesong 2), *Springflo* (sesong 1 og 2), *Theo och den magiske talisman* og *Familjen Hammarströms*.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 oppfyller kravet om å formidle innhald frå Norden og bidra til kunnskap om nordiske samfunnsforhold, kultur og språk.

2.8.4. Mangfald i religion og livssyn

For å oppfylle kravet om å spegle den religiøse arven til Noreg og mangfaldet av livssyn og religion i det norske samfunnet, har NRK i 2018 tilbydd både eigenproduserte livssynsprogram, andaktar, overføringar av gudstenester og innkjøpte dokumentarar. Allmennkringkastarrekneskapen viser at NRK formidlar – som

NRK Sápmi samarbeider med finske YLE Sápmi og svenske SVT Sápmi / SR Sameradion om felles nordiske nyheits- og aktualitetssendingar, *Buorri Idit Sápmi* på DAB og *Oddasat* på tv. Saman med SVT og YLE gjennomførte NRK Sápmi i 2018 eit nordisk samarbeidsmøte. Målet med møtet var å styrke samarbeidet mellom dei nordiske kringkastarane.

ein del av den religiøse arven i Noreg – både livssynsstoff som omfattar breidda av kulturar og ulike religiøse tilknytningar i Noreg, og stoff med forkynnande innhald gjennom daglege andaktar og radiogudstenester på søndagar.

NRK sende både ei rekke ulike livssynsprogram og gudstenester på NRK P1, NRK P2, NRK1, NRK2 og NRK3. Magasinprogrammet om livssyn og etikk, *Verdibørsen* på

NRK P2, blei i 2018 sendt dagleg, og programmet tematiserte verdival og politiske skiljelinjer, blant anna om abort, polarisering og såkalla ekkokammer i sosiale medium, korleis det går med kristennoreg når dei fleste kategoriserer seg som «kulturelt kristne» og den politiske utviklinga i Europa og USA. I ei spesialsending av *Verdibørsen* heldt forstandaren av det islamske forbundet Basim Ghazlan, «andakt» etterfølgt av debatt. Saman med *Radioteatret* arrangerte også *Verdibørsen* ein Macbeth-kveld på Litteraturhuset i Oslo, der stykket blei sendt med ein påfølgande debatt. Psykiater Finn Skårderud, politikar Jonas Gahr Støre, filosof Einar Øvereng og litteraturvitar Janne Stigen Drangsholt deltok.

Serien *Overleverne* formidla ulike historier om kva det gjer med livet når ein overlever ein uventa sjukdom, ei dramatisk

ulykke eller ein katastrofe. NRK sende også den amerikanske dokumentaren *Sharia-dommer og feminist* om palestinske Kholoud Al-Faqih, som blei den aller første kvinnelege dommaren i ein sharia-domstol i Midtausten. Den danske dokumentarserien *Når naboens datter blir muslim*, den norske dokumentaren *Nytt liv i Ramadan* og den britiske dokumentarserien *Middelhavet – et hav av religioner* er eksempel på program som bidrog til å belyse ulike religionar. NRK sende også dokumentaren *Louis Theroux og scientologene*, der den britisk-amerikanske journalisten belyser scientologi-kyrkja i LA. Programmet *Mellom himmel og jord* blei i 2018 sendt direkte kvar søndag på NRK P1 og tok opp historier om tru og tvil og eksistensielle spørsmål. *Tro, håp og Lillesæter* var eit nytt program på NRK P1 kvar søndag som formidla salmar og ifølge NRK inkluderte «åndeleg musikk» frå artistar som

I mars sende NRK den mye omtalte dokumentaren om Kholoud AlFaqih, den aller første kvinnelege dommaren i ein sharia-domstol i Midtausten.

Foto: Three Judges LLC



publikum ikkje omgåande tenker på som religiøse. Den kristne versjonen av ønskekonserten, *Salmer til alle tider*, blei i 2018 sendt på NRK P1+.

På radio overførte NRK P1 og NRK P1+ radiogudstenester kvar søndag og nokre heilagdagane i tillegg. I 2018 blei det sendt om lag 60 gudstenester. Totalt formidla NRK 844 timar med livssynsprogram på radio i 2018, ein auke frå 675 timar i 2017⁵. Profilen på andaktane er

Gjennom overføringar frå gudstenester, messer og religiøse høgtider, faste programpostar og seriar som samla sett omfattar eit breitt spekter av religiøse perspektiv og livssyn, er det Medietilsynets vurdering at NRK i 2018 oppfyller kravet til å spegle Noregs religiøse arv og et mangfald av livssyn og religionar i det norske samfunnet.

ifølge NRK under stadig utvikling, og samanlikna med tidlegare nyttar NRK både yngre andaktshaldarar, fleire kvinner og ei blanding av teologar, ordinerte prestar og personar utan teologisk bakgrunn. På tv sende NRK i 2018 til saman 78,2 timar med livssynsprogram på NRK1, NRK2 og NRK3. Dette var ein auke på nær ti timar frå 2017, men framleis om lag 20 timar mindre enn i 2016. NRK overførte gudstenester på tv i høgtidene.

⁵ NRK har inkludert magasinprogrammet *Verdibørsen*, og ettersom programmet i delar av 2017 og i 2018 ble sendt dagleg og varer timar, har talet på timar med livssynsprogram hatt ein vesentleg auke (300 timar).

2.9 Norsk kultur, kunst, musikk, drama og film

Vedtektene

§ 17 - NRK skal formidle norsk kultur og en bred variasjon av norske kunstuttrykk fra mange ulike kunstnere, uavhengige miljøer og offentlige kulturinstitusjoner. NRK skal formidle norsk musikk, film og drama og stimulere norske produksjonsmiljøer.

§ 19 - NRKs tilbud skal i hovedsak ha norskspråklig innhold, og minst 25 pst. av innholdet skal være på nynorsk.

§ 34 - NRK skal bidra til å fremme nye talenter og lokale artister. Minst 40 pst. av musikken som spilles i NRK P1, P2 og P3 skal være norsk, med vekt på norskspråklig og/eller norskkomponert musikk. NRK skal holde et fast orkester som dekker et bredt repertoar fra underholdningsmusikk til symfonisk musikk.

§ 35 - NRK skal legge ut minst 40 pst. i gjennomsnitt for de siste tre årene av det frie programbudsjettet for TV til eksterne produsenter.

§ 41 - NRK skal tilby nyheter, aktualiteter og kulturstoff for både smale og brede grupper, herunder egne kulturprogrammer. Tilbudet skal gjenspeile det mangfoldet som finnes i befolkningen.

§ 37 - NRK skal ha sportssendinger som dekker både bredden i norsk idrettsliv, herunder funksjonshemmedes idrettsutøvelse, og store idrettsbegivenheter

§ 49 - NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- Kunst og kultur
- Sport og underholdning

2.9.1. Brei kulturformidling til ulike publikumsgrupper

Kulturformidlinga til NRK skal ifølge vedtektene vere brei, variert og omfatte kunstuttrykk frå mange ulike kunstnarar, uavhengige miljø og offentlege kulturinstitusjonar. Tilbodet skal ta omsyn til både breie og smale publikumsgrupper, spegle mangfaldet i befolkninga og appellere til alle aldersgrupper. NRK skal også ha eit løpande oppdatert tilbod av kunst, kultur og underhaldning på nett.

Programstatistikken til NRK viser at kunst og kultur i 2018 utgjorde 2,7 prosent av tilbodet i NRK1, 3,2 prosent i NRK2 og 0,7 prosent i NRK3. Samanlikna med året før er det ein auke på 1,3 prosentpoeng i NRK1, ein nedgang på 1,8 prosentpoeng i NRK2 og om lag same nivå i NRK3. På radio formidlar NRK P2 i størst grad kulturstoff, med 25 prosent kunst/kultur/medium. Dette er ein auke frå 2017 da delen var i underkant av 20 prosent. I NRK P1 er ikkje kunst og kultur representerte i statistikken, og i NRK P3 var delen kunst/kultur/medium på éin prosent, ein nedgang frå to prosent året før.

NRK viser til at kultur er eit vidt omgrep som kan romme mykje forskjellig innhald, og at det varierer frå menneske

til menneske kva som blir opplevd som kultur. NRK skjøttar produksjonen på kulturområdet gjennom det journalistiske oppdraget, formidlingsoppdraget, produsentoppdraget, kuratoroppdraget, samarbeidsoppdraget og språkoppdraget. Ifølge NRK møter publikum kulturinnhald på alle plattformer, og NRK produserer dagleg eit mangfaldig kulturtilbod.

Brukarundersøkingar som NRK har gjennomført, har vist at publikum kan synast det er vanskeleg å finne kulturinnhaldet i NRK. NRK har derfor ein ambisjon om å gjere dette innhaldet meir synleg og treffe betre gjennom publisering. NRK har gitt kulturstoffet ein eigen inngang på nrk.no, der brukarane kan abonnere på kulturnyheiter, informasjon og opplevingar frå dei sjangerområda dei er mest interesserte i, som musikk, litteratur, scenekunst, bildekunst, film og tv-seriar. I 2018 publiserte NRK for eksempel ein fordjupande kulturartikkel på nrk.no om den mediesky kunstsamlaren Hans Rasmus Astrup, mannen bak Astrup-Fearnley Museet. NRK hadde også ei stor sakte-tv-satsing på opera og ballett der programleiarane Hans Olav Brenner, Ingrid Gjessing Linhave og Mikkel Niva tok publikum med inn i operahuset i Bjørvika. Gjennom ein heil dag blei kvar krik og krok i operahuset vist fram, publikum



Ingrid Gjessing Linhave, Hans Olav Brenner og Mikkel Niva var programleiarar for sendinga frå operahuset i Bjørvika.

Foto: Julia Marie Naglestad, NRK

kunne stille spørsmål i ein live-chat, tre tusen korentusiastar song Guiseppe Verdis «Slavekoret» på operataket, og sendinga blei avslutta med ei direkteoverføring av «La Traviata». NRK feira også dagen Edvard Grieg ville fylt 175 år med å framføre heile musikkproduksjonen hans i ei over 30 timars direkteending på tv og radio. NRK Hordaland, NRK Klassisk og Kringkastingsorkesteret (KORK) samarbeidde med Bergen Filharmoniske Orkester, Trolldaugen, Kode Kunstmuseer og komponisthjem, Griegakademiet og Norges Musikkhøgskole. I 2018 sende også NRK ein musikkonkurranse for unge klassiske instrumentalistar i *Virtuos*.

I serien *Kunsten å leve* formidlar NRK historier om kunsten, livet og vegen til suksess til nokre av dei mest populære og anerkjende kunstnarane i Noreg. I serien møtte publikum blant andre Bjarne Melgaard, Vebjørn Sand og Finn Graff. NRK har gjort store endringar i radiokanalen NRK Klassisk etter digitaliseringa. Ei viktig satsing er programmet *Musikkfrokost* med Jakob Arvola som kvar morgon gir lyttarane oppdateringar om vêret, trafikken og nyheiten saman med klassisk musikk. Serien *Arkitektens hjem* har gjennom fire sesongar besøkt kjende arkitektur for å

oppleve spektakulære bygg og diskutere kva som skaper gode heimar og feriestader.

På radio er kulturinnhaldet fletta inn i mange programflater. NRK har på spørsmål frå Medietilsynet opplyst at NRK P2 er «snakkekanalen», der ei rekke tema og spørsmål frå smal og brei kultur, om verdspørsmål, religion og livssyn blir belyste og diskuterte dagleg. NRK P2 skal ifølge NRK ha ei brei, variert og offensiv kulturdekning og har eigne kulturkommentatorar, eigne kritikarar innanfor scenekunst og visuell kunst og ein eigen bokredaksjon. Mens kanalen tidlegare var bygd opp med ulike spesialprogram, går utviklinga no mot færre titlar og sterke redaksjonelle miljø, som *Nyhetsmorgen*, *Ekko*, *Spillerom*, *Studio 2* og *Dagsnytt 18*. I 2018 har NRK P2 også hatt spesialprogram om musikk som *Spillerom Søndag* (samtidsmusikk), *Jazzklubben*, *Jungeltelegraf* (verdsmusikk) og *Folkemusikktimen*. NRK har samla over 350 sendingar med *Radioteater* i NRK Radio.

Gjennom NRKs underhaldnings- og humortilbod blei det også formidla ei rekke kulturtema til eit breitt publikum, for eksempel i program som *Stjernekamp* og *Lindmo*.

Anne Lindmo.

Foto: Julia Marie Naglestad, NRK



Medietilsynets vurdering er at NRK i 2018 hadde eit variert og breitt kulturtilbod som retta seg mot ulike publikumsgrupper. NRK viser at kulturtema som ofte har eit smalare publikumspotensial, også er ein del av tilbodet. Underhaldnings- og humorprogram på ulike plattformer bidrar til variasjon og breidde i NRKs kulturformidling. Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 oppfyller kravet om å tilby kulturstoff til både smale og breie grupper, inkludert eigne kulturprogram. NRK oppfyller i 2018 også kravet om å ha eit løpande oppdatert tilbod innanfor kunst, kultur og underhaldning på internett.

NRK har ein stor norskspråkleg innhaldsproduksjon som blir formidla på radio, tv og nett, og oppfyller etter Medietilsynets vurdering kravet om at tilbodet i hovudsak skal bestå av norskspråkleg innhald.

2.9.2.

Bruk av nynorsk

NRK har i fleire år hatt ei utfordring med å oppfylle kravet om at minst 25 prosent av innhaldet som blir publisert, skal vere på nynorsk. Etter ein auke i nynorskdelen i 2015, var det i 2016 ein nedgang i fleire av kanalane og ein ytterlegare nedgang i 2017. Kravet til at NRK skal ha minst 25 prosent nynorsk må vere oppfylt for kvar enkelt medieplattform, altså både for tv, radio og nett.

NRK har sett i gang tre konkrete tiltak for å auke den totale nynorskdelen. For det første er talet på journalistar som skriv nynorsk på nrk.no, auka ved at fleire av dei som beherskar begge målformer, berre bruker nynorsk. For det andre er talet på nynorskbrukarar og dialektbrukarar auka på NRK P2, som er den av radiokanalane som ligg under kravet. For det tredje er nynorskteksting på tv auka, noko som aukar nynorskdelen på NRK3.

I 2018 auka NRK nynorskdelen totalt sett med to prosentpoeng, frå 22 til 24 prosent. Den største auken var i NRK1 frå 20 til 29

prosent, men også NRK2 auka frå 24 til 26 prosent. NRK Super og NRK3 hadde i 2018 ein nynorskdelen på respektive 26 og 22 prosent, ein nedgang på eitt og to prosentpoeng frå 2017. I NRK P1 auka nynorskdelen frå 29 prosent i 2017 til 30 prosent i 2018. I NRK P3 auka nynorskdelen også, frå 22 prosent i 2017 til 24 prosent i 2018. Nynorskdelen i NRK P2 var uendra frå 2017 til 2018 med 18 prosent. Det same var delen nynorsk på nrk.no med 16 prosent.

Det er gjennomsnittet av nynorskdelen i dei ulike kanalane per plattform som gir grunnlag for å ta stilling til om NRK oppfyller kravet til at minst 25 prosent av innhaldet som blir publisert, skal vere på nynorsk. I 2018 var delen nynorsk på dei ulike plattformene i gjennomsnitt 25,8 prosent på tv, 24 prosent på radio og 16 prosent på nett⁶. I 2017 konstaterte Medietilsynet at NRK ikkje låg nært opptil å innfri krava til 25 prosent nynorsk på nokre av plattformene. I 2018 ser vi at tiltaka til NRK har hatt ein ønskt effekt både på tv og radio. NRK oppfyller no krava på tv og ligg nært opp til å innfri kravet på radio. Medietilsynet har

⁶ På tv og radio bereknar NRK delen nynorsk ved å inkludere all normert nynorsk og halvparten av dialektdelen. NRK¹ og NRK P³ inkluderer distriktssendingane. På nrk.no omfattar delen nynorsk berre publiserte artiklar på normert nynorsk.

merka seg at nynorskdelen særleg aukar i NRK1, som dei siste åra har lege rundt 20 prosent, men i 2018 auka til heile 29 prosent. NRK har retta tiltaka mot nrk.no og NRK P2, der nynorskdelen over tid har lege betydeleg under kravet. Men sjølv med målretta tiltak ser det ikkje ut til å ha nokon effekt i form av auka nynorskdelen her.

Medietilsynet konstaterer at NRK oppfyller kravet til minst 25 prosent nynorsk på tv, men ikkje for radio og nett. På radio har NRK likevel auka bruken av nynorsk i 2018 og ligg med 24 prosent nært opptil kravet. På nett er delen nynorsk vesentleg lågare enn kravet med 16 prosent.

2.9.3.

Norsk drama og film

NRK viser til at drama og fiksjon er ein viktig del av oppdraget om å dekke sosiale, demokratiske og kulturelle behov i samfunnet. NRK har sett dagsordenen med norsk drama i 2018. I 2018 publisert NRK 19 nye norske drama- og humorseriar for vaksne og barn,

I allmennkringkastarrekneskapen går det fram at NRK-journalist og programleiar Ole Rolfsrud fekk Alf Helleviks mediemålspris for 2018, ein pris som blir gitt til yngre, faste nynorskbrukarar på radio og tv som legg vekt på normalisert nynorsk talemål. Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar i 2018 gjekk til Harald Thingnes i NRK Sport.

og det er ifølge NRK rekord. NRK sende desse norske dramaseriane: *Heimebane*, *Lykkeland*, *Unge lovende*, *Match*, *Oslo Zoo*, *En natt*, *Lovleg*, *Blank*, *17*, *Side om side*, *Nesten voksen*, *Presten*, *Parterapi*, *Hit for hit*, *Karsten* og *Petra*, *ZombieLars*, *Helium*, *Rot* og *Lik meg*. Serien *Heimebane* handla om ein kvinneleg fotballtrenar i ein mannsdominert bransje, og

Heimebane blei ein av dei store norsk dramasuksessane i 2018.

Foto: Glenn Meling, NRK



I *Lovleg* flytter Gunhild til Sandane for å begynne på Firda vidaregåande, og i hybelhuset møter hun Sara frå Sogndal som går i 2. klasse på musikklinja.

Foto: NRK



serien bidrog til å aktualisere fleire tema i den generelle samfunnsdebatten. NRK publiserte éin episode kvar veke for å bidra til at heile familien kunne samle seg om serien. *Heimebane* treffe alle aldersgrupper og var den mest populære dramaserien blant sjåarar under 40 år på NRK i 2018. Serien *Lykkeland* la historia til Stavanger 1969 og det første store oljefunnet på norsk sokkel, og serien skildrar korleis Norge blei ein oljenasjon. NRK viser til at serien er brukt som referanse i samfunnsdebatten og

på Stortinget. NRK har for kvar episode publisert ti faktasjekkar på nrk.no ettersom serien er basert på historiske hendingar, men ikkje fortel alt nøyaktig slik det var.

NRK viser til at dramaseriane for unge målgrupper som *17*, *Blank* og *Lovleg* tar for seg aktuelle tema i samfunnsdebatten ved å fortelje historier om respektive norsk-somaliske ungdommar på austkanten i Oslo, om ungdommar som har fullført vidaregåande og skal starte på vaksenlivet, og om

det å vere ung vidaregåande elev på bygda i Noreg.

Programstatistikken viser at NRK også formidla drama i radiokanalane med 30 timar i NRK P1, 245 timar på NRK P2 og 13 timar på NRK P3. NRK viser i årsrekneskapen for 2018 til at satsinga på eksterne radio- og podkastproduksjonar også har auka dei siste åra.

NRK har sett tydelege mål for dramaproduksjonen om å auke tilbodet til publikum, bidra til å styrke norsk dramamiljø og alltid velje dramaproduksjonar ut frå beste idé. I årsrekneskapen for 2018 viser NRK at investeringane i innhald frå eksterne produksjonsselskap aukar, og at dei eksterne produksjonane inngår som ein del av den heilskaplege innhaldsplanlegginga.

[Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 oppfyller krava om å formidle norsk drama og film og til å stimulere norske produksjonsmiljø. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK med 39 prosent i 2018 ligg godt an til å oppfylle det nye kravet om å legge ut minst 40 prosent av det frie programbudsjettet på tv i rullerande treårsperiodar frå og med 2018.](#)

I årsrekneskapen går det vidare fram at den årlege summen til eksterne produksjonar har auka frå 229 millionar kroner i 2014 til 360 millionar kroner i 2018. NRK har fått eit nytt krav frå 2018 om å legge ut minst 40 prosent av det frie programbudsjettet sitt for tv. Delen skal reknast ut frå rullerande treårsperiodar. Det er dermed først i 2020 at Medietilsynet kan vurdere om NRK har oppfylt dette kravet. I 2018 er delen av den årlege summen NRK har brukt på eksterne produksjonar 39 prosent, og den gjennomsnittlege delen for den siste treårsperioden er 38 prosent. Oversikta som årsrekneskapen for 2018 gir over dei rullerande treårssnitta av kostnader til eksterne produsentar, og delen desse utgjør av det såkalla frie programbudsjettet, viser at delen aukar jamt.

Marie Ulven, også kjent som «Girl in red», blei «Årets urørt 2018».

Foto: Jason Schjerven, NRK



2.9.4.

Norsk musikk

NRK har frå 2018 fått eit nytt krav i dei utfyllande vedtektsføresegnene til NRK-plakaten knytt til formidling av norsk musikk. Kravet er at NRK skal bidra til å fremme nye talent og lokale artistar. Samtidig er det tidlegare kravet om at 35 prosent av musikken som blir spelt i NRK P1, NRK P2 og NRK P3, skal vere norsk, auka til 40 prosent. Den norske musikken som blir formidla, skal legge vekt på norskspråkleg og/eller norskkomponert musikk.

Ifølge NRK formidlar radiokanalane breidda i norsk musikk og gir lyttarane nye stemmer, nye stjerner og nye songar. Gjennom *Urørt* får NRK vist fram nye artistar og er ein viktig kanal for ny norsk musikk. I 2018 vann Marie «Girl in red» Ulven Årets Urørt. NRK viser til at Tono i årsrapporten sin for

2018 understrekar at radio framleis er den viktigaste kanalen for å oppdage ny musikk, og at norsk musikk derfor treng radioen. NRK P3 har formidla fleire live-spelingar med norske artistar i 2018 med Snow Boyz, Sval, Travelle, Astrid S, Hajk, SKAAR, EMIR, Boy Pablo, Sondre Justad, Eurora, Isah & Dutty Dior, Sebastian Zalo, Highasakite, Sigrid, Lill Halima og Virkelig. NRK P3 formidla også konserten med dei to rapparane Da Arif og Unge Ferrari då dei spelte saman med Stavanger Symfoniorkester, der NRK P3 laga ein minidokumentar.

I 2018 spelte dei fleste av radiokanalane til NRK meir norsk musikk enn nokon gong tidlegare. NRK P1 hadde ein norsk musikkdel på 49 prosent, ein auke på tre prosentpoeng frå 2017. Den største auken var i NRK P2, frå 35 prosent i 2017 til 50 prosent i 2018. Årsaka er delvis at NRK har styrkt den norske

musikkprofilen i faste sendingar som *Spillerom*, *Folkemusikktimen* og *Jazzklubben*, i tillegg til at det er gjort nokre endringar i programtilbodet på kveldstid. Delen norsk musikk i NRK P3 gjekk noko tilbake, frå 48 prosent i 2017 til 44 prosent i 2018.

Gjennomsnittet for dei tre kanalane er 47,7 prosent norsk musikk, og NRK leverer godt over det nye kravet om 40 prosent norsk musikk i NRK P1, P2 og P3. Samanlikna med 2017, da særleg NRK P3 hadde styrkt formidlinga av norsk musikk, er det som nemnt NRK P2 som utmerker seg i 2018 med ein markant auke i den norske

musikken som blir formidla. Delen av den norske musikken som blei spelt med norsk språk, var på 64 prosent i NRK P1, 21 prosent i NRK P2 og 34 prosent i NRK P3. Samtidig var delen av den norske musikken som blei spelt som var norskkomponert / hadde norsk tekstforfattar, på 94 prosent i NRK P1, 60 prosent i NRK P2 og 95 prosent i NRK P3. Samla sett viser dette at det var vekt på norskspråkleg og/eller norskkomponert norsk musikk i desse radiokanalane i 2018.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 både bidrar til å fremme nye talent og lokale artistar. NRK oppfyller også kravet om at minst 40 prosent av musikken i NRK P1, NRK P2 og NRK P3 skal vere norsk med vekt på norskspråkleg og/eller norskkomponert musikk.

KORK har eni årleg produksjon der dei saman med NRK Super presenterer musikk frå Store Studio med barn i salen både på radio og tv.

Foto: Hilde Bagge, NRK



2.9.5. Eit fast orkester

Målet for Kringkastingsorkesteret (KORK) er ifølge NRK at alt orkesteret produserer, skal sendast og gjerast tilgjengeleg for eit størst mogeleg publikum – helst på fleire plattformer. Det er også oppretta ei eiga side på Facebook, der KORK kommuniserer med 27 000 følgjarar. I 2018 hadde KORK 55 livekonsertar og gjorde 150 ulike produksjonar medrekna plateinnspelningar og skolebesøk på prøvane til orkesteret. 37 av konsertane var klassisk musikk, mens 14 var innanfor andre sjangrar. I 2018 har KORK produsert 117 timar radio, 32 timar tv og 38 timar direktestrøyming på kork.no.

Orkesteret bidrar fast til program som for eksempel *Meloditimen*

på NRK P1+, *På konsert med KORK* på NRK Klassisk, og *KORK, hele landets orkester* på NRK2. KORK samarbeider i nesten alle produksjonane sine. I 2018 hadde KORK 64 interne NRK-samarbeid og 49 eksterne samarbeid. For å lykkast betre med å nå barn og unge er det etablert ein årleg produksjon saman med NRK Super, der NRK Super-profilar presenterer orkestermusikk og klassisk musikk til barna. I høve Leonard Bernsteins 100-årsjubileum i 2018 hadde KORK ein fullsett konsert i Den Norske Opera og Ballett. I samarbeid med Bergen Filharmoniske Orkester og Troidhaugen produserte KORK i 2018 *Grieg minutt for minutt*.

NRKs utgreiing viser at KORK har ein betydeleg breidde i repertoaret sitt.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 oppfyller kravet om å halde eit fast orkester som dekker eit breitt repertoar frå underhaldningsmusikk til symfonisk musikk.

2.9.6. Ei brei sportsdekning

Sportssendingane til NRK skal dekke breidda i norsk idrett, medrekna idrettsutøvinga og store idrettsopplevingar til funksjonshemma. I februar 2018 blei NRK Sport ein døgnkontinuerleg radiokanal som også sender musikk. NRK Sport sende 2 326 timar sport og dekte ei rekke ulike sportsgreiner

som langrenn, fotball, skøyter, kombinert, handball, friidrett, alpin, skiskyting, hopp, sykkel og sjakk. I tillegg blei det sendt frå større arrangement som NM-veka, EM-veka, vinter-OL, Paralympics og ein del «diverse sport» som omfattar magasinsendingar, *Sport i dag* og opptak av tv-sportssendingar. I 2018 sende NRK P1 226 timar med sport som dekte fotball, handball, skiskyting og overføringar frå vinter-OL. NRK1 dekte også ei

18 år gamle Jesper Saltvik Pedersen under Paralympics.

Foto: Jessica Gow, TT/NTB scanpix



Team Ingebrigtsen.

Foto: NTB scanpix



rekke ulike sportsgreiner i dei 1 021 timane sport som blei sende, som skiskyting, langrenn, alpint, hopp, kombinert, skøyter, motorsport, sjakk, hestesport, friidrett og fotball. 36 prosent er kategorisert som «diverse sport» og omfattar blant anna *Sportsrevyen* og kombinasjonssendingar.

I 2018 hadde NRK blant anna radiorettane til OL i Pyeongchang og dekte Dei paralympiske leikane, VM i fotball, EM i friidrett, VM i sjakk, NM-veka i Stavanger, Landsskyttarstemnet, NM i friidrett og symjing. Under Dei paralympiske leikane dekte NRK alle øvingar der nordmenn var involverte, og under NM-veka i Stavanger kunne NRK også løfte fram idrettsutøvarar med funksjonsnedsetjing og prestasjonane deira. I tillegg til dekninga av desse store sportsopplevingane hadde NRK ei brei dekning av vinteridretten og løpande sportsnyheiter. NRK dekte NM i fotball i 2018, både for herrar og damer, der blant anna ei rekke kampar blei sende på tv og nrk.no. NRK stod også bak produksjonen av *Toppseriehelgen 2018*, der 15 timar med toppeseriefotball blei fordelte over to dagar.

Elektronisk sport (e-sport) og gaming er ei stor interesse for mange unge, og i 2018 dekte NRK to store turneringar med spelet CS:GO på nrk.no. Spelet

er eit strategispel med skyting, og NRK peiker på at det av omsyn til mindreårige ikkje kan sendast tv-sendingar frå turneringane før etter klokka 21.00. NRK viser til at tilbakemeldingane frå dei unge er positive. NRK Sápmi strøymde i 2018 for første gong direkte ei åttetimars e-sportsending *SameLAN v3*, der målgruppa i hovudsak var samiske gitar i aldersgruppa 15 til 17 år. I januar 2018 samarbeidde NRK Sporten med Fantorangen og NRK Super om ein idrettsdag for barn. NRK sende også andre sesong av serien *Team Ingebrigtsen* om familien frå Sandnes der tre brøyr er i verdstoppen i friidrett. Serien handlar om korleis familien satsar fram mot store meisterskap, og ifølge NRK er dette innhald med høg publikumsoppslutning.

NRK viser til at konkurransen om sportsrettar er hard, og at stadig nye aktørar melder seg på i denne konkurransen. Dette driv kostnadene for sportsrettane opp, og NRK har samarbeidd med TV 2 for å kjøpe rettar blant anna til EM og VM i fotball og ski i Austerrike. Ifølge NRK aukar den digitale bruken stadig. Publikum forventar å få tilgang til direkteproduksjonar der dei er, med klipp, oppdateringar og resultatsservice. NRK må derfor stadig utvikle kompetansen innanfor teknologi, utvikling og levering av innhald og styrke arbeidsflyten for å nå ut


til eit breitt publikum – også for at publikum skal finne innhaldet og ta det i bruk.

NRK viser til at sportsredaksjonen leverer faste sportsnyheiter til tv i tillegg til den løpande nyheitsleveransen til nrk.no og radio. Ni prosent av artiklane som blei publiserte på nrk.no i 2018, var om sport. *Sportsrevyen* blir send på NRK1 unntatt i lågsesongen. Innanfor sporten har NRK auka

den eigne journalistiske innsatsen. I 2018 har denne nyheitssatsinga bidratt til å avdekke at blant landslagsutøvarane i ti av dei største idrettane i Noreg tener menn i snitt tre gonger så mykje som kvinner, kor mykje astmamedisin troppen til Noreg tok med seg til OL i Sør Korea samanlikna med troppane frå Sverige, Tyskland og Finland, og fleire saker om doping innan toppidretten.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 har hatt sportssendingar som oppfyller kravet om å dekke både breidda i norsk idrettsliv og store idrettshendingar. Sportsdekninga til NRK har i 2018 også omfatta idrettsutøvingane til funksjonshemma. Ut frå NRKs utgreiing for leveransen av sportsnyheiter til nett vurderer Medietilsynet at NRK også oppfyller kravet om ein løpande oppdatert dekning av sport på internett.

Foto: Medietilsynet



3.10 Tilgjengelegheit og beredskap

Vedtektene

§ 15 - NRKs allmennkringkastingstilbud skal være tilgjengelig for hele befolkningen. NRK skal ta hensyn til funksjonshemmede ved utformingen av sitt tilbud.

§ 23 - NRK skal ha et særlig beredskapsansvar. NRK skal legge til rette for at styremaktene kan nå ut til befolkningen med informasjon over kringkastingsnett ved nasjonale kriser og katastrofer.

§ 24 - NRK skal være til stede på, og utvikle nye tjenester på, alle viktige medieplattformer for å nå bredest mulig ut med sitt samlede programtilbud.

§ 30 - NRKs allmennkringkastingstilbud skal være gratis tilgjengelig for hele befolkningen på minst én distribusjonsplattform. Med unntak for kringkastingsavgift, skal det ikke kreves betaling fra befolkningen for allmennkringkastingstilbudet. Dette er likevel ikke til hinder for at den enkelte selv må dekke kostnader til teknisk utstyr og/eller tilgang til distribusjonsplattformer.

§ 30 - NRK bør så langt som mulig benytte åpne standarder, så fremt ikke økonomiske eller kvalitative hensyn taler imot dette.

§ 36 - NRK skal formidle kulturarven i Norge. Arkivene til NRK er en del av denne. NRK skal arbeide for å digitalisere og tilgjengeliggjøre disse arkivene for befolkningen. NRK skal tilgjengeliggjøre informasjon om arkivmaterialet. NRKs arkivmateriale skal så langt det er praktisk og juridisk mulig, samt presseetisk forsvarlig, være tilgjengelig for viderebruk. NRK kan kreve dekket kostnadene ved å gjøre arkivmateriale tilgjengelig for slik viderebruk av andre.

§ 50 - NRK skal gjøre flest mulig av sine radio- og fjernsynsprogrammer tilgjengelig på Internett, både ved samtidig distribusjon og som arkivtjeneste for nedlasting og/eller individuell avspilling. NRK skal herunder minimum gjøre tilgjengelig hele sin egenproduserte sendeflate fra de siste sju dager som arkivtjeneste, forutsatt at dette ikke innebærer uforholdsmessig høye kostnader. NRK skal etterstrebe at også mest mulig av den øvrige sendeflaten fra siste sju dager gjøres tilgjengelig som arkivtjeneste.

2.10.1.

**Eit tilgjengeleg
allmennkringkastingstilbod for alle**

Kravet om at allmennkringkastingstilbodet til NRK skal vere tilgjengeleg for heile befolkninga, gjeld både distribusjon av tilbodet slik at det kan bli tatt imot av alle og universell utforming av tilbodet. Vedtektene til NRK slår fast at allmennkringkastingstilbodet skal vere gratis tilgjengeleg for heile befolkninga på minst éin distribusjonsplattform. Vidare presiserer dei nye vedtektsføresegnene kva «gratis» betyr. NRK skal ikkje ta betaling ut over kringkastingsavgifta og kvar enkelt må sjølv dekke kostnader til teknisk utstyr og/eller tilgang til distribusjonsplattformer.

Det går fram av allmennkringkastarrekneskapan at NRK tar i bruk alle medieplattformene for å nå breitt ut med programtilbodet, og at distribusjonen av kanalane på radio og tv er riksdekkande. NRK TV og NRK Radio på nett gjer det mogleg å sjå og høyre sendingane til NRK på tv og radio – både ved samtidig distribusjon og ved individuell avspeling gjennom strøyming. Radiotilbodet er gratis tilgjengeleg i DAB+ og gjennom NRK Radio, og tv-innhaldet er gratis tilgjengeleg i det digitale bakkenettet og gjennom NRK TV.

I NRK-plakaten er det eit krav om at NRK skal ta omsyn til funksjonshemma ved utforminga av tilbodet. Den tidlegare presiseringa om at NRK blant anna skulle gjere dette ved å ta sikte på å tekste alle tv-program, er fjerna i dei nye vedtektene. Dei konkrete krava om universell utforming av innhaldet til NRK er uttømmende nedfelte i kringkastingslova § 2-19. Her er det stilt krav om teksting og direkteteksting både til NRK og riksdekkande kommersielle tv-kanalar med ein del på meir enn fem prosent av dei samla sjåartala for tv. Det blir stilt meir omfattande krav til NRK enn til dei kommersielle aktørane.

I januar 2018 hadde Kulturdepartementet på høyring forslag til nye krav som skal styrke tilrettelegginga av innhaldstilbodet for personar med funksjonsnedsetjing. Her blir det foreslått å skjerpe krava til NRK ved at direkteteksting skal gjelde heile døgnet, med atterhald om at det er teknisk og praktisk mogeleg, og at program som har vore teksta på tv, også skal vere tilgjengelege med teksting når dei blir publiserte som audiovisuell bestillingsteneste. Vidare er det foreslått å stille krav til teksting av distriktssendingane til NRK når sendingane blir lagde ut som audiovisuell bestillingsteneste, og at tilsvarande krav også skal gjelde for program til NRK på samiske

språk dersom det er teknisk og praktisk mogeleg. I tillegg blir det foreslått konkrete kvantitative krav til teiknspråktolking, lydtekst og synstolking av allmennkringkastingstilbodet til NRK. Lovproposisjonen om endringar av reglane om universell utforming i kringkastingslova skal etter planen bli lagd fram i samband med revisjonen av kringkastingslova. Kulturdepartementet har begynt på dette lovarbeidet.

NRK opplyser at ved utgangen av 2018 blei nærmast 100 prosent av sendingane på lineær-tv teksta, med unntak for distriktssendingane. For å forenkle teksting av videoinnhald på nett og mobil, kartla Difi i 2018 statusen for universell utforming av 278 nettstader i privat og offentleg

sektor. Av dei 25 medienettstadene som blei undersøkte, kom NRK best ut. NRK fekk også Språkrådets teiknspråkspris i 2018 med grunnivinga at NRK har utvikla «stadig nye måtar å gjere NRK sitt breie og gode programtilbod tilgjengeleg for fleire».

NRK teiknspråktolkar sendingar på tv-kanalen NRK Tegnspråk alle dagar frå klokka 17.50 til klokka 23.00. I 2018 er det også sendt program på teiknspråk på NRK Tegnspråk som ikkje blir sende parallelt på NRK1, NRK2 eller NRK3/NRK Super, blant anna reprise av *Tegnspråknytt* frå NRK1 seinare same kveld og innkjøpte teiknspråkprogram. I tillegg har NRK i 2018 teiknspråktolka og teksta store tv-augeblink frå arkivet til NRK og publisert dei på nrk.no.

NRK har teiknspråktolka og teksta store tv-augeblikk frå arkiva. Her kan du sjå att augeblinket frå 1998 der Kjetil Rekdal scorar på straffe og Norge slår Brasil i VM.

Foto: NRK



I 2018 sende NRK1, NRK2, NRK3/ NRK Super lydtekst kontinuerleg når det blir snakka framandspråk, ved at den norske underteksten blir lesen opp av ei syntetisk stemme. NRK arbeider med løysingar for at dette også skal fungere på program med innbrend tekst. Synstolking er når ei stemme skildrar viktige ting som skjer i bildet, slik at synshemma og høyrshemma også kan følge med på innhaldet. Program som blir sende på NRK1 og er synstolka blir også sende på NRK lydtekst med synstolking. I 2018 leverte NRK totalt 190 timar med synstolking, meir enn ei dobling frå 92 timar synstolking i 2017. 61,1 av desse timane var NRK-produsert synstolking, åtte timar var norskprodusert synstolking og dei resterande timane var frå dansk og svensk synstolking.

I 2018 lanserte NRK «tilgjengelegheitsknappen» i NRK TV som gjer at ein får tilgang til tekst, synstolking og teiknspråktolking dersom det er tilgjengeleg. NRK Super TV har egne knappar der ein kan velje teiknspråktolka eller synstolka innhald. Appen er utforma slik at det er enkelt for synshemma og høyrshemma barn å finne fram til innhald som er synstolka og teiknspråktolka. Etter dialog med brukarane via Facebooksida NRK-Tegnspråk har NRK blant anna både teiknspråktolka og synstolka alle

sesongane av *Skam*. I 2018 lanserte NRK ein tilgjengelegheitsknapp i NRK TV på nett for å innfri ønsket til brukarane om kunne å finne teiknspråk og synstolking av innhaldet ved den ordinære søkinga etter program. Det inneber at brukarane ikkje lenger treng å finne innhald via egne kategoriar for universell utforming. TV-kanalen NRK Tegnspråk er også lagd inn i oversikta over direktestrøymar i NRK TV, og alle produksjonar som NRK har synstolka, er tilgjengelege i NRK TV.

NRK har ein eigen tilgjengelegheitssjef med ansvar for at personar med nedsett funksjonsevne får gode brukaropplevingar på alle plattformene til NRK. I tillegg har NRK frå 2017 hatt ei eiga stilling med ansvar for universell utforming av NRKs innhald på nett og mobil. NRK har eit eige brukarråd med representantar for organisasjonane til dei funksjonshemma og Pensjonistforbundet. Mandatet til rådet er å gi innspel til korleis ein kan forbetre og utvikle tilgjengelegheita til NRK-innhaldet på tv, radio, nett og mobil. Brukarrådet er samla hos NRK tre til fire gonger i året.

I allmennkringkastingstilsynet har Medietilsynet over fleire år slått fast at NRK legg til rette tilbodet til personar med funksjonsnedsettingar utover

det som følger av dei spesifikke krava i kringkastingslova, som berre omfattar teksting. Dette er både viktig og positivt sidan NRK, som offentleg finansiert allmennkringkastar, har eit særleg ansvar for å sikre at allmennkringkastingstilbodet til NRK er tilgjengeleg for heile befolkninga. NRK har dermed følgd opp oppmodinga myndigheitene hadde i forarbeida til den

førre lovendringa i 2013, der kringkastarane blei oppfordra til å utvikle og tilby tenester som sørger for betre tilgjengeleggjering og meir universell utforming av innhaldstilbodet. Medietilsynet vurderer derfor at det er på tide å trappe opp dei kvantitative krava til universell utforming i kringkastingslova, slik at regelverket reflekterer den teknologiske utviklinga på feltet.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 oppfyller krava om å vere til stades og utvikle tenester på alle viktige medieplattformer medrekna internett for å nå breiast mogeleg ut med det samla programtilbodet sitt. NRK oppfyller også kravet om at allmennkringkastingstilbodet skal vere gratis tilgjengeleg for heile befolkninga på minst éin distribusjonsplattform. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK gjennom NRK Radio og NRK TV oppfyller kravet om å gjere flest mogeleg av radio- og tv-programma sine tilgjengelege, både for samtidig distribusjon og for individuell avspeling. Heile den eigenproduserte sendeflata frå dei siste sju dagane er gjord tilgjengeleg som arkivteneste og mest mogeleg av resten av sendeflata. Medietilsynet vurderer også at NRK i 2018 oppfyller kravet om å ta omsyn til funksjonshemma ved utforminga av tilbodet sitt.

2.10.2. Eit tilgjengeleg arkiv og opne standardar

Ved behandlinga av Meld. St. 38 (2014–2015) *Open og opplyst* slutta Stortinget seg til at arkivmaterialet til NRK skal gjerast tilgjengeleg for vidare bruk så langt det er praktisk, juridisk og presseetisk forsvarleg. NRK skal berre kunne ta betalt for dei kostnadene selskapet har knytte til vidare bruk, etter sjølvkostprinsippet. Det blei også presisert kor viktig det er at NRK også gjer informasjon om arkivmaterialet tilgjengeleg (metadata), slik at dei som ønsker å bruke innhald frå arkivet, kan finne fram til det.

I 2017 fastsette NRK prinsipp for tilgang til arkiva sine,

som tydeleggjorde at klipp som NRK aleine har rettar til, i utgangspunktet skal vere tilgjengeleg vederlagsfritt. NRK har dermed følgd opp Stortingets føresetnad om tilgjengeleggjering av arkivmaterialet. NRK viser til at verksemda har brukt store ressursar dei seinaste åra på å gjere historisk arkivinnhald, radio- og tv-program allment tilgjengeleg. I 2018 er over 35 000 program frå arkivet tilgjengelege i NRK TV. Gode opplysningar om innhaldet, såkalla metadata, er viktige når NRK skal legge til rette for at historisk innhald skal kunne brukast i nye samanhengar og nye produksjonar. NRK har indeksert mykje av innhaldet i kapittel som gjer klipp og innslag lettare å finne og dele. *Dagsrevyen* frå 2009 og fram til i dag er tilgjengeleg for

alle i NRK TV. I NRK Radio ligg eksempelvis over 350 sendingar med *Radioteatret*. NRK krev berre vederlag for kostnader knytte til sjølve tilgjengeleggjeringa. Sommaren 2018 la NRK ut radioinnhald frå arkivet til barn under overskrifta «På bilferie med barn».

Ifølge NRK blir open kjeldekode nytta både i interne system og ut mot publikum i stor utstrekning og så langt det er mogeleg. Open kjeldekode inneber at alle kan sjå korleis systemet verkar, utføre forbetringar eller tilpasse det til andre system ein bruker. NRK har interne retningslinjer

for deling av kjeldekode og system. Vidare er alle lyd- og bildeformat mot publikum standardiserte. Enkelte format, særleg innanfor tv-produksjon, må etter NRK sitt syn bli betrakta som bransjeproprietære, men desse blir ikkje eksponerte for publikum. NRK har hatt ei omfattande satsing på bruk av open kjeldekode og semantisk web innanfor metadata-området og har vore aktivt inne i samarbeid om dette med EBU og andre bedrifter, offentlege etatar og kommunar. I 2018 har NRK delt fleire prosjekt som open kjeldekode, blant anna eit tv-avviklingssystem kalla Sofie, saman med Sveriges Television.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 oppfyller krava til å formidle kulturarven, digitalisere arkiva og gjere arkiva og informasjonen om arkivmaterialet tilgjengelege for befolkninga. Medietilsynet vurderer også at NRK i samsvar med Stortingets føresetnader og presiseringa i vedtektene, berre krev dekning av kostnader til å gjere arkivmaterialet tilgjengeleg for vidarebruk av andre. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK i tilbodet sitt tar sikte på så langt som mogeleg å nytte opne standard om ikkje økonomiske eller kvalitative omsyn talar imot dette.

Frå *Fjernsynskjøkkenet* i 1983 der Ingrid Espelid Hovig lagar mat saman med Eivind Hellstrøm som nyleg var blitt kåra til «Årets kjøkkensjef».

Foto: Sverre Bergli, NRK



2.10.3. Beredskapsansvar

Kringkastingsaktørane, primært på radio, har tradisjonelt hatt ansvaret for å bidra til at myndighetene når raskt fram med informasjon i ein beredskapssituasjon. Kringkastingslova § 2-4 gir alle kringkastarar formell plikt til å sende meldingar frå myndighetene når det har stor betydning. Føresegna gir Kongen i statsråd heimel til å fastsette nærmare reglar i forskrift om verksemda til kringkastarane under beredskap og krig. Desse reglane går fram i ei eiga forskrift som regulerer verksemda til NRK under beredskap og i krig. Forskrifta har blant anna reglar om at NRK har plikt til å treffe særskilde beredskapstiltak for å sikre at informasjon frå regjeringa når befolkninga under beredskap og krig. Ifølge forskrifta skal det

bli tatt beredskapsmessige omsyn ved utbygging av sendaranlegga til NRK. Etter digitaliseringa av både dei nasjonale tv- og radionetta, gjeld dette det digitale riksdekkande bakkenettet for tv og Regionblokka, som er NRK sin del av DAB-nettet. NRK P1 har hatt ein særleg posisjon som beredskapskanal ettersom kanalen har hatt eit sendarnett som dekker så godt som alle husstandar i Noreg. Etter digitaliseringa har radiokanalane til NRK same dekning som NRK P1. I distribusjonsavtalen NRK har med Norkring, er det stilt krav om 99,8 prosent oppetid i heile sendarnettet på årsbasis. I behandlinga av beredskapstemaet i Meld. St. nr. 38 (2014–2015) *Open og opplyst* meinte Kulturdepartementet at dagens regulering er tilfredsstillande og la ikkje opp til tiltak for å auke leveringstryggleiken i

kringkastingsnetta. Departementet la opp til at NRKs overordna beredskapsplikter framleis skulle bli regulerte i forskrift, og at det skulle bli fastsett meir detaljerte beredskapsplikter i ei eiga avtale mellom NRK og departementet.

NRK har som offentleg finansiert riksdekkande allmennkringkastar særlege beredskapsplikter. I *Open og opplyst* foreslo departementet å tydeleggjere det særskilde beredskapsansvaret NRK har, ved å ta inn eit nytt krav i NRK-plakaten. Ved behandlinga av meldinga oppmoda Stortinget departementet om å legge til ei setning til i det nye kravet som understrekar at NRK skal ha eit særleg beredskapsansvar.

Dette inneber at NRK i tillegg til den årlege rapporten om tryggleik og beredskap til Kulturdepartementet, også

skal gjere greie for dette til Medietilsynet i samband med vurderinga av korleis NRK varetar allmennkringkastaroppdraget. NRK viser til at det er inngått avtale med Kulturdepartementet som forpliktar NRK til å stille teknisk utstyr til rådvelde for å kringkaste meldingar frå staten i ein krisesituasjon. Dei formelle krava er ifølge NRK retta inn mot radioen og NRK P1 (med 99,7 prosent befolkningsdekning), som beredskapskanal. NRK P1 blir distribuert blant anna gjennom Regionblokka, både nasjonalt og med regionale vindaug. Vidare skal NRK i ein eventuell krisesituasjon også publisere meldingar frå myndighetene på alle tilgjengelege kanalar, både radio, tv, mobilt og nett. NRK har gjennomført fleire beredskapsøvingar og deltok i den sivile delen av den store Nato-øvinga «Trident Juncture» hausten 2018.

NRK har gjennomført fleire øvingar for å sikre evna til å oppfylle nasjonale beredskapsforpliktingar. NRK deltok blant anna i den sivile delen av den store Natoøvinga «Trident Juncture» hausten 2018.

Illustrasjon: Morten Skramstad, NRK



Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 varetok det særlege beredskapsansvaret NRK har. NRK har også gjort greie for at det er lagt til rette for at myndighetene kan nå ut til befolkninga med informasjon over kringkastingsnettet ved nasjonale kriser og katastrofar.

2.11 Redaksjonelt uavhengig og reklamefri

Vedtektene

§ 25 - NRKs allmennkringkastingstilbud skal være reklamefritt og skal ikke inneholde spesielle salgsfremmende henvisninger til konsernets kommersielle tjenester og produkter.

§ 28 - NRK skal verne om sin integritet og sin troverdighet for å kunne opptre fritt og uavhengig i forhold til personer eller grupper som av politiske, ideologiske, økonomiske eller andre grunner vil øve innflytelse på det redaksjonelle innholdet. Virksomheten skal preges av høy etisk standard og over tid være balansert. Saklighet, analytisk tilnærming og nøytralitet skal etterstrebnes, jf. bl.a. prinsippene i Redaktørplakaten, Vær Varsom-plakaten og Tekstreklameplakaten.

§ 44 - NRKs redaksjonelle avgjørelser skal ikke være styrt av kommersielle hensyn.

§ 45 - NRK skal utvise særlig varsomhet med å tilby innhold som utsetter publikum for kommersielt press. Dette gjelder særlig for programmer rettet mot barn og unge.

§ 46 - NRKs allmennkringkastingstilbud skal hovedsakelig finansieres ved kringkastingsavgift. Inntekter fra kringkastingsavgift og andre offentlige inntekter skal ikke subsidiere kommersielle aktiviteter. Det skal være et klart regnskapsmessig og driftsmessig skille mellom NRKs allmennkringkastingsvirksomhet og kommersielle aktiviteter.

§ 47 - NRK kan ta imot sponning, men bør begrense omfanget.

§ 48 - NRK skal kunne videreutvikle kommersielle tjenester som genererer overskudd som bidrar til å finansiere allmennkringkastingstjenester. NRKs kommersielle tjenester skal ha sammenheng med selskapets redaksjonelle virksomhet. NRK skal tilstrebe et tydeligst mulig skille mellom allmennkringkastingstilbudet og kommersielle tjenester. Den forretningsmessige virksomheten skal være forenlig med de krav til kvalitet og integritet som gjelder for NRK.

NRK er ein offentleg, lisensfinansiert allmennkringkastar. I vedtektene er det ei rekke krav som skal sikre at allmennkringkastingstilbodet til NRK er ikkje-kommersielt, og at NRK har eit klart skilje mellom allmennkringkastingsverksemda og kommersielle aktivitetar. Fram til den siste endringa av NRK-plakaten i 2017 kunne NRK ha reklame på internett, men har ikkje nytta seg av den moglegheita på mange år. I den nye NRK-plakaten § 25 går det fram at allmennkringkastingstilbodet til NRK skal vere reklamefritt, og dette kravet gjeld for alle medieplattformer. Innhaldstilbodet til NRK på tv, radio, nett, mobil, sosiale medium og andre aktuelle plattformer er reklamefritt. På bakgrunn av utgreiinga frå NRK legg Medietilsynet til grunn at NRK ikkje har salsfremjande tilvisingar til dei kommersielle tenestene og produkta sine.

Fri og uavhengig formidling av samfunnsrelevant informasjon og det å avdekke kritikkverdige forhold står sentralt i samfunnsoppdraget til media, og allmennkringkastarane har fått eit særleg ansvar. Det redaksjonelle sjølvstendet til media er ein grunnleggjande føresetnad for den viktige rolla media skal fylle i eit demokratisk samfunn der dei redaktørstyrte media har ei sentral rolle og har

fått særlege ansvarsreglar. Det redaksjonelle sjølvstendet til media blir varetatt både gjennom bransjeavtalar som Ver varsamplakaten og Redaktørplakaten og fleire ulike lovverk. Lov 13. juni 2008 nr. 41 om redaksjonell friedom i media (mediefridomslova) inneber ei delvis lovfesting av prinsippa i Redaktørplakaten. Kringkastingslova omfattar også reglar om redaksjonelt sjølvstende medrekna eigne reglar om NRK. I 2018 hadde regjeringa eit forslag om modernisering og samling av særreglane om rettsleg ansvar for innhald i redaktørstyrte journalistiske medium ute på høyring. Den nye medieansvarslova skal vere teknologinøytral og gjelde for redaktørstyrte medium som driv journalistisk produksjon og formidling av nyheiter, aktualitetsstoff og samfunnsdebatt til befolkninga. Regjeringa sitt hovudmål med det nye forslaget er å styrke dei redaktørstyrte journalistiske media si rolle som garantistar for ein open og opplyst offentleg samtale.

Allmennkringkastingsverksemda til NRK er omfatta av pressa sitt eige etiske regelverk og dei lovfesta ansvarsreglane i dei ulike lovverka på dette området. NRK viser til at av totalt 62 klager til Pressas Faglege Utval på norske medium i 2018, fekk NRK kritikk i éi sak, og det blei ikkje konstatert at NRK hadde brote det presseetiske

regelverket. NRK opplyser i allmennkringkastarrekneskapan for 2018 at det i dei seinare åra er lagt ned mykje arbeid i å styrke kompetansen i etikk blant medarbeidarar og leiarar.

NRK har laga eigne retningslinjer for programleiarar og dei som medverkar til innhaldstilbodet til NRK, om påkledding og produktmerking. NRK Super søker så langt det lèt seg gjere å ikkje eksponere logoar og merkenamn i programinnhaldet, blant anna ved å velje merkelausa klede og legge matprodukt i nøytral innpakning. I den grad NRK Super bruker kommersielle spel i redaksjonelt innhald, vil NRK sikre at det finst ein gratis versjon tilgjengeleg. På grunnlag av utgreiinga til NRK i allmennkringkastarrekneskapan er det Medietilsynets vurdering at dei redaksjonelle avgjerdene til NRK ikkje er styrte av kommersielle omsyn. Vidare vurderer Medietilsynet at det kan leggjast til grunn at NRK utviser særleg varsemd med å tilby innhald som utset publikum for kommersielt press, særleg i program retta mot barn og unge. Medietilsynet har ikkje hatt saker mot NRK i 2018 som gjeld brot på føresegnene i kringkastingsregelverket om kommersiell påverknad.

Årsrekneskapan og årsmeldinga til NRK viser at inntektene frå kringkastingsavgifta, inklusive

tilleggsavgifter og inkassogebyr, auka med 108 millionar kroner frå 2017 til 2018. Andre driftsinntekter utgjorde 283 millionar kroner i 2018 mot 323 millionar kroner i 2017. NRK viser til at reduksjonen frå 2017 til 2018 i sin heilskap kom av at salsgevinsten frå eigedom i Bergen i 2017 (på til saman 173 millionar kroner) er langt høgare enn tilsvarande salsgevinstar i 2018. Andre inntekter i kategorien anna driftsinntekt er ifølge NRK i hovudsak knytte til royalties, sponing, utleige av produksjonskapasitet gjennom NRK Aktivum og tilskott frå fond/samproduksjonar. Resultatrekneskapan til NRK for 2018 viser at 95 prosent av verksemda til NRK er finansiert gjennom kringkastingsavgifta. Denne inntekta finansierer dermed i all hovudsak verksemda til NRK. Andre driftsinntekter utgjer ein liten del av den samla finansieringa av NRK.

Den kommersielle verksemda til NRK blir driven gjennom det heileigde dotterselskapet NRK Aktivum AS. Selskapet hadde i 2018 ei omsetning på 122 millionar kroner, ein auke på tolv millionar frå 2017. Driftsresultatet til NRK Aktivum var positivt med åtte millionar kroner, mens rekneskapsmessig overskott før skatt var på ni millionar kroner. I 2018 blei 98 millionar kroner overførte frå NRK Aktivum til

allmennkringkastingsverksemda til NRK, ein auke på ti millionar kroner samanlikna med 2017.

NRK har avgrensa høve til å hente sponsorinntekter ved at det berre er enkelte programkategoriar som kan sponsast. NRK viser til at selskapet følger reglane i kringkastingslova for sponsorfinansiering og vising av sponsorplakatar, og at

sponsorinntektene til NRK er knytte til større idrettsarrangement og kulturopplevingar. NRK viser til at denne typen avtalar går gjennom NRK Aktivum. Sidan 2013 har delen kommersielle inntekter lege på omtrent to prosent av dei totale inntektene til NRK AS. Av dette utgjør inntektene frå sponsorar rundt 0,5 prosent av dei samla inntektene til NRK.

Vurdering

Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 oppfyller krava til at allmennkringkastingstilbodet skal vere reklamefritt og ikkje innehalde spesielle salsfremmande tilvisingar til dei kommersielle tenestene og produkta til konsernet. Medietilsynet vurderer også at NRK oppfyller krava om å verne om integriteten og tilliten sin for å kunne opptre fritt og uavhengig, at verksemda blir prega av høg etisk standard, over tid er balansert og at NRK legg vinn på å vere sakleg, nøytral og ha ei analytisk tilnærming, jf. det etiske regelverket til pressa. Vidare er det Medietilsynets vurdering at dei redaksjonelle avgjerdene til NRK i 2018 ikkje har vore styrte av kommersielle omsyn, og at NRK har utvist særleg varsemd med å tilby innhald som utset publikum for kommersielt press – særleg i program retta mot barn og unge. Medietilsynet vurderer at NRK oppfyller kravet knytt til sponing.

Medietilsynet vurderer også at NRK i 2018 oppfyller krava om at allmennkringkastingstilbodet hovudsakleg skal finansierast ved kringkastingsavgift, at inntektene frå kringkastingsavgift og andre offentlege inntekter ikkje skal subsidiere kommersielle aktivitetar og at det skal vere eit klart rekneskapsmessig og driftsmessig skilje mellom allmennkringkastingsverksemda og dei kommersielle aktivitetane til NRK. Medietilsynet vurderer at NRK i 2018 oppfyller krava som er knytte til at NRK kan vidareutvikle kommersielle tenester som genererer overskott som bidrar til å finansiere allmennkringkastingstenester. NRK oppfyller også krava til at dei kommersielle tenestene som NRK utviklar, skal ha samband med den redaksjonelle verksemda til selskapet og at NRK skal legge vinn på eit så tydeleg skilje som mogeleg mellom allmennkringkastingstilbodet og kommersielle tenester. Medietilsynet vurderer at NRK oppfyller kravene til at den forretningsmessige verksemda skal vere i samsvar med dei krava til kvalitet og integritet som gjeld for NRK.



ISBN: 978-82-91977-80-5

Medietilsynet

Post- og besøksadresse:

Nygata 4

1607 Fredrikstad

Telefon:

69 30 12 00

Epost:

post@medietilsynet.no

www.medietilsynet.no